

# Årsmelding 2022

---

FJALER KOMMUNE



|                                                  |           |
|--------------------------------------------------|-----------|
| <b>INNLEIING</b>                                 | <b>3</b>  |
| 1.1 Kommunedirektøren si oppsummering av 2022    | 3         |
| 1.2 Føremålet med årsmeldinga                    | 4         |
| 1.3 Organisering                                 | 4         |
| 1.4 Kvalitet og Internkontroll                   | 5         |
| <b>2 HOVUDMÅL OG UTVIKLING</b>                   | <b>7</b>  |
| 2.1 Befolkningsutvikling                         | 7         |
| 2.2 Sysselsetjing                                | 8         |
| 2.3 Klima og miljø                               | 8         |
| <b>2 LIKESTILLING OG INKLUDERANDE ARBEIDSLIV</b> | <b>13</b> |
| <b>3 ØKONOMI</b>                                 | <b>21</b> |
| 4.1 Netto driftsresultat                         | 21        |
| 4.2 Løn i av brutto driftsinntekter              | 22        |
| 4.3 Langsiktig gjeld                             | 22        |
| 4.4 Disposisjonsfond                             | 23        |
| 4.5 Regnskapsrinsipp                             | 24        |
| 4.7 Hovudoversikt drift                          | 25        |
| Økonomisk oversikt § 5-6                         | 25        |
| 4.8 driftsinntekter                              | 26        |
| 4.9 Driftsutgifter                               | 26        |
| 4.10 Finanstransaksjonar                         | 27        |
| 4.11 Gjeld og utlån                              | 28        |
| 4.12 Investering                                 | 29        |
| Bevilgningsoversikt investering                  | 29        |
| <b>5 ÅRSMELDING FRÅ SEKTORANE</b>                | <b>30</b> |
| 5.1 Oppvekst                                     | 30        |
| 5.2 Helse og omsorg                              | 41        |

|                                        |           |
|----------------------------------------|-----------|
| <b>5.3 Tekniske tenester</b>           | <b>50</b> |
| <b>5.4 Fellestenester og landbruk</b>  | <b>53</b> |
| <b>5.5 Kultur og samfunnsutvikling</b> | <b>59</b> |

## Innleiing

### 1.1 Kommunedirektøren si oppsummering av 2022

Ikkje før var vi på veg inn i eit normalår etter koronapandemien før krigen i Ukraina braut ut og påverka kvardagen vår på mange områder. Høgre energiprisar og lågare vareproduksjon internasjonalt påverkar også vår kvardag med høgre prisar og forseinkingar i leveringar. I tillegg fører krigen til auka beredskap i kommunen med rapportering og oppfølging på fleire områder.

Året har vore krevjande på fleire områder. Parallelt med nye krav til oppgåver og kompetanse i kommunane opplever vi større vanskar med å rekruttere på alle områder. Spesielt merkar vi rekrutteringsutfordringar i oppvekst og helse/omsorg, men og i andre delar av kommuneorganisasjonen er det vanskelegare enn tidlegare å rekruttere. Mangel på arbeidskraft og kompetanse vil verte ei større utfordring framover for både privat næringsliv og det offentlege. Det utfordrar oss til å tenke nytt og endre arbeids- og oppgåvedeling, spesielt innan tenesteproduksjon.

Den spesielle situasjonen med mangel på fastlegar, som vi står i saman med store delar av landet kostar oss dyrt. Ikkje berre økonomisk, men mykje arbeid med rekruttering og stadig nye legar inn i tenesta for korte periodar. Her må samarbeid mellom kommunane vere noko av løysingane for å få meir stabilitet i helsetenestene.

Sjukefråveret har gjennom året vore høgre enn vi har hatt tidlegare. Det medfører ekstra slitasje på dei som er på jobb. Konsekvensen av sjukefråver og vakansar er dårlegare kvalitet på tenestene om ein ikkje greier å snu utviklinga. Difor har vi sett inn ekstra innsats i sjukefråversarbeidet gjennom meir systematisk oppfølging og trening av leiarar til å handtere sjukefråver. Det skal settast mål for reduksjon i fråveret og etablere realistiske tiltak for å når målsettingane. Dette krev innsats av heile organisasjonen.

Det økonomiske resultatet for 2022 syner eit netto driftsresultat på 7,64 % (mål 1,25%) Auka skatteinntekter og høg utbetaling frå havbruksfond er forklaringa på det gode resultatet.

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter var 14,45% (mål > 8%)

Einingane hadde eit meirforbruk på kr 780 000. Av 21 ansvarsområder kjem 12 ut med eit rekneskapsmessig meirforbruk. Dette er ikkje berekraftig på sikt og difor er det iverksett eit innsparingsprosjekt med mandat å redusere kostnader, auke inntekter og sjå på muleg anna oppgåveløysing. Per no er det sett eit innsparingspotensiale på 17 mill. kr innan 2027. Arbeidsgruppene er i gang med arbeidet og rapporterer til kommunedirektøren.

Arbeid med strategisk næringsplan vart starta i 2022 og saman med næringslivet er det utarbeid satsingsområder og strategiar for næringsutvikling. Korleis næringsarbeidet skal organiserast står att å få på plass, men at meir regionalt samarbeid er rett strategi er ei oppfatning fleire og fleire deler.

Lutelandet er peika ut som ein av fylkeskommunen sine grøne hub'ar. Det vert jobba aktivt i styre for Lutelandet Utvikling for å få aktivitet på området. Det vert også jobba for å få på plass infrastruktur som vatn, straum og betre veg. I konkurransen om nyetableringar med andre hub'ar er infrastruktur viktig ,men og fagmiljø peikar seg ut som ein viktig faktor.

Til slutt vil kommunedirektøren takke tilsette som jobbar godt for å gje gode teneste til innbyggjarane. Samarbeidet internt i kommuneadministrasjonen har vore godt og mange strekker seg langt for å gjere det beste for Fjaler kommune. Samarbeidet med politikarane har og vore godt og prega av god rolleforståing.

Personleg vil eg takke for 5 kjekke år i Fjaler. Det har vore utfordringar, både små og store, tunge dagar og fine dagar. Men alt i alt ville eg ikkje vore utan nokon av dei.

## 1.2 Føremålet med årsmeldinga

Kommunen utarbeider kvart år rekneskap og ei skriftleg melding om kommunen si drift. Dokumenta skal syne korleis pengane er blitt nytta, samt ein oversikt over kva kommunen har oppnådd i året som gjekk.

Årsmeldinga skal føreligge til handsaming samstundes med kommunerekneskapen, og skal framjast for kontrollutvalet, formannskapet og kommunestyret. Årsmeldinga skal gje god informasjon til politikarane, innbyggjarane, offentlege instansar og andre som syner interesse for kommunen si drift.

I årsmeldinga skal det gjevast opplysningar om resultat av aktiviteten, forhold som er viktige for å kunne vurdere kommunen sin økonomiske stilling og andre viktige forhold. Årsmeldinga skal også vere ei evaluering av måloppnåing i økonomiplanen. Gjennom årsmeldinga er det også naturleg å sjå framover og legge føringar på ein del områder

Årsmeldinga er den viktigaste attendemeldinga kommunedirektøren gir til kommunestyret


## 1.3 Organisering

Administrativt er Fjaler kommune organisert etter ein 3-nivå modell med underliggende tenesteeiningar i tillegg til støtte- og stabseiningar. Dette legg føringar for korleis vi organiserer tenestene av omsyn til møter og rapporteringsstruktur.

Fjaler kommune er delt inn i følgjande rammeområder:

- Kommunedirektør og Lanbruksforvaltninga
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommunalsjef Helse og omsorg
- Kommunalsjef Teknisk
- Kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling
- Finansielle føremål

Kommunedirektøren si leiargruppe består av 4 kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef.



## 1.4 Kvalitet og Internkontroll

Kommunelova stiller krav til kommunen sin internkontroll for å sikre at lover og forskrifter vert fylgt. Etter §25-1 skal kommunedirektøren:

- utarbeide ei beskriving av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- avdekke og fylgje opp avvik og risiko for avvik
- dokumentere internkontrollen i den form og det omfang som er nødvendig
- evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

I praksis handlar internkontroll om utvikling av god kvalitet i tenestene, om å ha *kultur og system* for læring og forbetring. Kommunen si elektroniske kvalitetshandbok er eit reiskap for å oppnå dette,. Her får tilsette tilgang til lovverk, interne rutinar og retningslinjer, melding av avvik og vurdering av risiko. SySIKT-kommunane gjennomfører i desse dagar ein anbodskonkurranse om nytt felles kvalitetssystem.

### Gjennomførte tiltak 2022

- Opplæring for *behandlarar* av avvik – heile organisasjonen
- Opplæring for *redaktørar* i ny dokumentstyringsmodul
- KS-læring, opplæringsplattform for tilsette, er under oppbygging
- Eco-online (stoffkartotek) er teken i bruk i heile organisasjonen
- Kvalitetsgruppa har hatt 5 møter og handsama 28 saker. Møtefrekvens er redusert sidan *fagleiar kvalitet og internkontroll* no deltek i leiargruppa og i AMU.

## Interne revisjonar 2022

| Område                       | Tema                                                      | Resultat/status for oppfølging                          |
|------------------------------|-----------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|
| Kommunedirektøren            | Leiinga sin årlege gjennomgang av internkontrollen        | Eigen rapport som vert følgt opp ved ny revisjon i 2023 |
| Kommunedirektøren            | Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonstryggleiken | Eigen rapport som vert følgt opp ved ny revisjon i 2023 |
| Kommunedirektøren            | Leiinga sin årlege gjennomgang av beredskapen             | Eigen rapport som vert følgt opp ved ny revisjon i 2023 |
| Kommunalsjef helse og omsorg | Internt tilsyn med ekstern leverandør av helsetenester    | Eigen rapport som vert følgt opp ved ny revisjon i 2023 |

## Eksterne tilsyn og forvaltningsrevisjonar 2022

| Tilsynsmynde      | Sektor/Tema                                                                                                                         | Resultat/status for oppfølging                                                          |
|-------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------|
| Arbeidstilsynet   | <u>Oppvekst/skule</u> : Tilsyn med oppfølging av krav i arbeidsmiljølova om førebygging av psykiske plager /vald og truslar         | Brot på regelverk og vedtak om pålegg 14.09.22<br>Frist for lukking 31.mars -23         |
| Mattilsynet       | <u>Teknisk/VA</u> : Tilsyn med drikkevass-basseng                                                                                   | Brot på regelverk og vedtak om pålegg 08.09.21<br>Ingen frist for lukking (20/1788 – 7) |
| Arbeidstilsynet   | <u>Teknisk/Brann</u> : Helseskadeleg støv, gass og brannrøyk for feiarar og brannfolk                                               | Brot på regelverk og vedtak om pålegg 05.01.18. Lukka 15.12.22                          |
| Statsforvaltaren  | <u>Oppvekst/skule</u> : Tilsyn med kommunen sin internkontroll i høve elevar sitt skulemiljø, jf., plikt til å varsle og undersøke. | Brot på regelverk og vedtak om pålegg 24.06.21<br>Pålegg oppfylt innan 08.12.22         |
| Arbeidstilsynet   | <u>Helse og omsorg/NAV</u> : Tilsyn med oppfølging av krava i arbeidsmiljø-lova om førebygging av psykiske plager                   | Brot på regelverk og vedtak om pålegg 10.10.22<br>Frist for lukking 31.03.23            |
| Vestland revisjon | Forvaltningsrevisjon: Sakshandsaming og offentlegheit                                                                               | Tilrådingar følgt opp med orientering til Kontrollutvalet 04.01.22                      |
| Vestland revisjon | Forvaltningsrevisjon: Sikring av kommunale inntekter                                                                                | Oppstart feb. 22. Ingen avvik eller merknader.                                          |
| Vestland revisjon | Forvaltningsrevisjon: HAFS Barnevernsteneste                                                                                        | Oppstart av revisjon 16.12.22                                                           |

## Planlagde tiltak 2023

- Opplæring for *behandlarar* av avvik – heile organisasjonen
- Opplæring for meldarar av avvik utvalde einingar/sektorar
- Ferdigstilling av kommunen sin heilskapleg ROS
- Vidare arbeid med implementering av KS-læring
- Brukarundersøkingar: Foreldreundersøking barnehage (Oppvekst) og Bruk av multidose (Helse og omsorg)
- Innkjøp og implementering av nytt elektronisk kvalitetssystem i samarbeid med SySIKT-kommunane

| Strategisk mål – alle sektorar   | Styringsindikator                     | Resultat |      | MÅL<br>2023 |
|----------------------------------|---------------------------------------|----------|------|-------------|
|                                  |                                       | 2021     | 2022 |             |
| <b>Positiv avvikskultur</b>      | <i>Tal meldte avvik, alle område</i>  | 201      | 239  | 270         |
| <b>Gjennomførte ROS-analysar</b> | <i>Tal ROS-analysar, alle områder</i> | 3        | 11   | 8           |

**Merknad til strategiske mål – avvik:** Tilsette melder avvik innan områda: Fagleg kvalitet, HMT, Legemiddel og Ikt og informasjonstryggleik. Det har vore vektlagt opplæring for tilsette og leiarar og ein ser no ein oppgang i meldte avvik samanlikna med tidlegare år. Oppvekst har hatt størst prosentvise auke i melding av avvik på 6%. Andre sektorar er stort sett uendra.

**Merknad til strategiske mål – ROS analysar:** Å vurdere risiko er svært vesentleg innan internkontrollen. Kompetansen om gjennomføring av risikoanalysar er aukande i organisasjonen og det viser att i gjennomførte analysar. Nytt måltal er likevel noko lavt fordi ferdigstillinga av kommunen sin heilskaplege ros med analysar av 15 scenario må prioriterast.

## 2 Utvikling

### 2.1 Befolkningsutvikling

Fjaler kommune har dei siste åra hatt ei positiv utvikling i folketalet. Folketalet i kommune ved inngangen til 2023 er 2913 personar, dette er det høgste tale dersom ein ser folketalet over ein 10-års periode.

Auke frå 2021 til 2022 var på 16 personar, noko som gjev ein vekst på 0,55%. Det største auken finn vi i flekke som har hatt positiv vekst over fleire år, det mange unge som vel å etablere seg der. Ser ein vekk frå veksten i Flekke er det nedgang samla sett i resten av kommunen., men variasjonar i dei forskjellige kretsane.

| Grunnkrets                          | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023k1 | Endring2022-2023 |
|-------------------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|--------|------------------|
| <b>Flekkje - Espedal</b>            | 502  | 477  | 464  | 469  | 486  | 455  | 442  | 463  | 533  | 547  | 566    | 19               |
| <b>Hovlandsdal</b>                  | 56   | 55   | 55   | 51   | 47   | 48   | 48   | 53   | 50   | 41   | 40     | -1               |
| <b>Guddal - Heggheim</b>            | 113  | 116  | 115  | 115  | 112  | 111  | 102  | 108  | 106  | 114  | 119    | 5                |
| <b>Øvre Vassdalen</b>               | 68   | 70   | 69   | 65   | 64   | 66   | 66   | 66   | 63   | 56   | 57     | 1                |
| <b>Nedre Vassdalen</b>              | 192  | 190  | 180  | 184  | 183  | 184  | 167  | 158  | 155  | 148  | 142    | -6               |
| <b>Bjerga - Borthheim - Jarstad</b> | 517  | 516  | 519  | 515  | 530  | 549  | 528  | 526  | 521  | 526  | 532    | 6                |
| <b>Dale - Sletteland</b>            | 476  | 474  | 472  | 484  | 500  | 507  | 523  | 525  | 521  | 532  | 541    | 9                |
| <b>Sagevik - Yksnebjør</b>          | 270  | 263  | 274  | 300  | 300  | 303  | 284  | 300  | 312  | 326  | 321    | -5               |
| <b>Fure</b>                         | 92   | 87   | 89   | 86   | 81   | 72   | 67   | 60   | 68   | 67   | 66     | -1               |
| <b>Folkestad</b>                    | 75   | 76   | 71   | 72   | 71   | 71   | 73   | 70   | 80   | 72   | 70     | -2               |
| <b>Våge</b>                         | 198  | 198  | 197  | 189  | 188  | 186  | 189  | 188  | 193  | 193  | 192    | -1               |
| <b>Lone</b>                         | 114  | 118  | 118  | 114  | 119  | 119  | 120  | 117  | 112  | 112  | 100    | -12              |
| <b>Gjøllanger</b>                   | 155  | 154  | 149  | 140  | 144  | 138  | 127  | 129  | 130  | 128  | 131    | 3                |
| <b>Tyssedal</b>                     | 34   | 37   | 36   | 35   | 32   | 35   | 32   | 38   | 40   | 39   | 36     | -3               |
| <b>Uoppgitt grunnkrets</b>          | 9    | 22   | 15   | 11   | 5    | 2    | 2    | 1    | 1    | .    | -      | -                |
|                                     | 2871 | 2853 | 2823 | 2830 | 2862 | 2846 | 2770 | 2802 | 2885 | 2901 | 2913   | 12               |

Tabellen under syner alderssamansetjinga av befolkninga i kommunen. Dersom vi ser tala over ein 10 års periode har vi hatt den største veksten i aldersgruppa 67-89 år. Dette er ein trend vi ser i heile landet, men utviklinga er sterkast i distriktskommunane. Dette betyr at vi framover må ha fokus på at befolkninga blir eldre og vri ressursbruken meir over på denne gruppa.

| Alder             | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 k1 | Endring 2013-2022 |
|-------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|---------|-------------------|
| 0 år              | 37   | 29   | 13   | 19   | 25   | 27   | 21   | 25   | 21   | 30   | 28      | -7                |
| 1-5 år            | 154  | 181  | 182  | 171  | 155  | 150  | 135  | 134  | 138  | 132  | 148     | -22               |
| 6-12 år           | 237  | 241  | 233  | 242  | 253  | 251  | 259  | 261  | 260  | 260  | 255     | 23                |
| 13-15 år          | 86   | 71   | 88   | 90   | 111  | 108  | 116  | 111  | 98   | 97   | 93      | 11                |
| 16-19 år          | 301  | 278  | 251  | 261  | 253  | 241  | 234  | 248  | 306  | 326  | 327     | 25                |
| 20-44 år          | 763  | 763  | 766  | 752  | 780  | 767  | 728  | 721  | 749  | 753  | 761     | -10               |
| 45-66 år          | 777  | 761  | 763  | 746  | 744  | 748  | 726  | 729  | 715  | 709  | 701     | -68               |
| 67-79 år          | 336  | 344  | 351  | 369  | 369  | 386  | 397  | 408  | 427  | 421  | 425     | 85                |
| 80-89 år          | 144  | 152  | 150  | 146  | 139  | 135  | 130  | 140  | 147  | 151  | 155     | 7                 |
| 90 år eller eldre | 36   | 33   | 26   | 34   | 33   | 33   | 24   | 25   | 24   | 22   | 20      | -14               |
| Sum               | 2871 | 2853 | 2823 | 2830 | 2862 | 2846 | 2770 | 2802 | 2885 | 2901 | 2913    | 30                |

## 2.2 Sysselsetjing

Sysselsatte etter arbeidsstad og næring (15-74 år) i Fjaler kommune 4Q 2022

| Næringskode                                                                                          | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|------|------|------|------|------|
| 01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske                                                                    | 116  | 112  | 122  | 124  | 117  |
| 05-43 Sekundærnæringer                                                                               | 162  | 166  | 192  | 202  | 225  |
| 45-82 Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen.,<br>forretningsmessig tjen., eiendom | 413  | 422  | 355  | 360  | 334  |
| 84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring                                                               | 49   | 61   | 53   | 52   | 57   |
| 85 Undervisning                                                                                      | 201  | 201  | 195  | 187  | 192  |
| 86-88 Helse- og sosialtjenester                                                                      | 405  | 381  | 363  | 392  | 411  |
| 90-99 Personlig tjenesteyting                                                                        | 20   | 22   | 25   | 23   | 23   |
| 00 Uoppgitt                                                                                          | 9    | 12   | 10   | 4    | 6    |
| 00-99 Alle næringer                                                                                  | 1375 | 1377 | 1315 | 1344 | 1365 |

13472: Sysselsatte per 4Q etter næring (SN2007)


## 2.3 Klima og miljø

I samband med handsaminga av årsmelding 2015 vedtok kommunestyret i sak 54/16 at framtidige årsmeldingar og tertialrapportar skal innehalde ei vurdering av måloppnåing i høve måla i Fjaler kommune sin kommunedelplan for energi, klima og miljø. Planen vart vedteken 14.06.2010, og har ikkje vore revidert etter den tid. Planen skulle reviderast i 2021, men arbeidet er ikkje kome skikkeleg i gang grunna prioritering av mellom anna kommuneplanen sin arealdel. Ein har likevel delteke aktivt i fylkeskommunen sitt klimanettverk samt søkt og fått innvilga tilskot til utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for planarbeidet.

Planen inneheld 6 overordna hovudmål og ein handlingsplan for perioden 2010-2014 som også inneheld delmål og prioriterte tiltak. Vurderingane nedanfor byggjer på hovudmåla i planen og tiltak som er sette i verk når det gjeld delmåla. Mange tema kan vere vanskelege å vite


måloppnåinga på, men er arbeid/tiltak som vil gå kontinuerleg og involvere alle einingar i den kommunale drifta.

#### Mål 1- Redusere utsleppet av klimagassar



Figur 1: Fordeling av klimagassutslipp til venstre og historiske utslipp og utslippsmål (tonn CO<sub>2</sub>) til høyre. Kilde kommunalbanken

Grafen i figur 1 viser direkte klimautslipp i Fjaler for 2021, fordelt på utslippskilder. Data for 2022 er ikkje tilgjengelege endå. Dagens klimautslipp kan gje ein indikator på kor reduksjonen av utslipp kan skje. Grafen til høyre i figur 1 viser reduksjonen som må gjennomførast for at Fjaler skal kunne oppfylle sin del av dei nasjonale måla om reduksjon av klimagassutslipp.



Kilde: Miljødirektoratet

Det er i dag ingen oljefyringsanlegg i bruk i kommunale bygg, og frå 2020 skal oljefyringsanlegg fasast heilt ut.

Kommunen har starta arbeidet med å skifte ut leasingbilar med kun forbrenningsmotorar. I 2017 hadde kommunen to 2 hybridbilar (barnevern og teknisk kontor). I 2018 er talet på hybridbilar auka til 4 samt at BIO har ein rein el-bil. I 2020 – 2022 er fleire av bilane skifta ut og erstatta med elbilar og nokre hybrid. Ved utskifting av leasingbilar etterkvart som leasingavtalane går ut framover vil ein i skifte til elbilar og ladbar hybrid der elbil ikkje er optimalt for drifta. Det er ved kommunale bygg etablert 5 nye ladepunkt i 2020, 4 i 2021, 4 til i 2022 i tillegg til at det er tilrettelagt for ladepunkt ved fleire offentlege parkeringsplassar.

Felleskøyring til kurs og møter blir brukt så langt det passar og i både 2020 og 2021 har det vore mykje mindre reiser enn elles grunna Korona restriksjonar. Fysiske møter og samlingar er erstatta med digitale møter som har gitt ein stor nedgang i tal reiser samt gitt innsparte arbeidstid som tidlegare gjekk vekk i reisetid. Fysiske møter har igjen auka i 2022, digitale møter og webinar har auka vesentleg siste åra.

Informasjonsarbeidet om energi, klima og miljø til innbyggjarane i kommunen kunne heilt klart vore betre, men ein registrerar at fokus på klima og miljø er aukande.

#### *Mål 2- Redusere den kommunale energibruken*

I dei seinare åra har det over investeringsbudsjettet vore avsett pengar til oppgradering/ombygging av større kommunale bygg. I hovudsak har pengane vore brukte til utbetring av inneklimaet, meir økonomiske og meir miljømessige oppvarmingssystem og bygningsmessige tiltak for å redusere energibruken. Nokre av tiltaka får vi Enova-støtte til. Målsettinga i planen er minst 10% reduksjon i energibruken i kommunale bygg i forhold til registrert forbruk i 2008. Tabellen nedanfor viser KOSTRA-rapportert energiforbruk for Fjaler kommune sine administrasjonsbygg, førskulebygg (barnehagar), skulebygg, institusjonsbygg, idrettsbygg og kulturbygg.

|                        | 2017      | 2018      | 2019      | 2020      | 2021      | 2022      |
|------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Samla årsforbruk i kWt | 3 139 303 | 3 019 876 | 3 017 885 | 2 960 198 | 2 891 479 | 3 017 373 |

Årsvariasjonar kan ha naturlege forklaringar som for eksempel kalde/milde vintrar. Som det går fram av tabellen ovanfor har straumforbruket vore aukande, frå vi starta med KOSTRA-registreringane i 2013 og fram til 2017. KOSTRA-tala viser ein reduksjon i samla årsforbruk frå 2017 til 2018 og vidare liten reduksjon i 2019 og vidare i både 2020 og 2021 noko som viser at ein er på rett veg. Energibruken pr m<sup>2</sup> for kommunale bygg var er redusert frå 151 til 140 kWh i 2018, som gjeve ein prosentvis reduksjon på 7,3 %. For 2019 var energibruken litt aukande til 142 kWh pr m<sup>2</sup> og i 2020 er den ytterlegare redusert til 137 kWh pr m<sup>2</sup>. Straumforbruket har gått noko opp igjen for 2022.

Fjaler sjukeheim har fått ny varmesentral som vart sett i drift i november 2018. Ein har skifta ut eksisterande løysing var el-kjele og radiatorar. Ny løysing er borehol, varmepumpeteknologi,

radiatorar og eit betre styringssystem. Dette vil redusere energikostnadane vesentleg og effekten vil komme betre fram når anlegget har vore i drift over tid.

I Yksnebjør nye barnehage er det borehol, varmepumpe og vassboren golvvarme. Opplegget har kapasitet til også å dekke det eldste bygget.

Nybygg som Våge barnehage, Dingemoen skule og beredskapsbygget er alle bygd etter gjeldande energikrav med energieffektive anlegg og løysingar som bidreg til reduksjon av energibruken. Dingemoen skule er i energiklasse A.

Når det gjeld kommunale veglys har ein hatt ein utskiftingsfase av armatur/lyskjelder og nesten alle er no utskifta til led-lys. Overgangen til LED-lys medfører at effekten vert redusert frå ca 150W pr lampe til ca 38W pr. lampe. Totalt har kommunen 450 veglys. I 2017 vart ca 50% av desse skifta til armatur med LED-lys. Utsiftinga fortsette i åra framover og no er nesten alle armatur utskifta. Straumutgiften er som følge av utskiftinga redusert med over 40% dei siste tre åra.

#### *Mål 3- Innføre tiltak som medfører auka lokal produksjon av fornybar energi*

Fjaler kommune sine overordna planar legg til rete for utbygging av mindre vasskraftanlegg, men desse anlegga treng handsaming og løyve etter anna regelverk. Vindparken på Lutelandet vart utbygd i 2021 og produksjonen av straum starta opp på slutten av året.

#### *Mål 4- Stogge eller redusere alle former for utslepp som er til skade eller ulempe for miljøet*


Gjennom Sunnfjord Miljøverk sine gjenvinningsstasjonar har både privatpersonar og firma tilbod om å kvitte seg med vanleg avfall og farleg avfall. Sunnfjord miljøverk vedtok i 2018 innsamling av plast med oppstart frå 01.01.2019. Innsamling av matavfall har oppstart i februar 2023.

Når det gjeld kloakkanlegga i kommunen kan det vere stor variasjon i standard og funksjon. Feil og manglar på private anlegg vert rapportert til kommunen av firmaet som utfører slamtømming, og kommunen må følgje opp. Dei største kommunale anlegga har reinseanlegg (Dale sentrum og Haugland). Dei mindre kommunale anlegga har slamutskiljing og sjøresipient. Avfallsbrenning i omnar og ute i det fri er truleg av svært lite omfang. Utslepp frå eldre vedomnar er eit større miljøproblem, men ein registreristar at det er ein jamn utskifting til meir miljøvenlege omnar i private hushaldningar

Innsamling av plast har og hatt stort fokus i 2018 og det er med på sette fokus på både reduksjon i forbruk og ulemper og skader for miljøet.

#### *Mål 5- Redusere avfallsmengdene*

Sunnfjord Miljøverk si årsmelding for 2020er ikkje klar, men tidlegare årsmeldingar har vist ein reduksjon i levert avfall frå husholdningane. Samtidig har det vore ein auke i levert avfall til gjenvinningsstasjonane i området. Fokuset på energi, klima og miljø dei siste åra viser i form av ein sakte reduksjon i avfallsmengd og sortering av avfall.



*Kilde: Miljødirektoratet*

Utslippene har enhet CO<sub>2</sub>-ekvivalenter, som betyr at utslippene for hver gass vektas etter gassens globale oppvarmingspotensial (GWP).

#### *Mål 6- Planleggje og setje i verk tiltak for å redusere skaderisikoen ved eventuelle klimaendringar*

Dei siste åra har det vore stort fokus på samfunnssikkerheit og konsekvensar som følgje av klimaendringar og ekstremvær. I all arealplanlegging, søknader om frådelling av tomtar og byggesakshandsaming er ras, flaum og havnivåstigning sentrale tema. I planprosessar skjer dette gjennom ROS-analysar og konsekvensutgreiingar. Kommunen har gjennomført fleire naturfarekartlegging dei siste åra og naturfare er eit viktig tema både i plan- og byggjesaker. Faresoner og aktsemdsoner vil bli innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen sin overordna beredskapsplan inneheld også tiltak som følgje av ekstremvær og andre naturgitte hendingar. Ei utfordring framover vil vere å handtere aukande nedbørsmengder generelt, og intens nedbør over kort tid spesielt. Handtering av overflatevatn må og vil få auka fokus framover.

#### *Konklusjon:*

Det er fortsatt eit stykke igjen for å nå måla i kommunen sin energi-, klima- og miljøplan, men tal frå dei siste åra viser at ein er på rett veg. Når det gjeld energibruk i kommunale bygg har det skjedd ein god del dei siste åra og tala viser no ein reduksjon i energiforbruket dei siste åra, noko som er svært bra. Det meste som vedkjem energi, klima og miljø er langsiktig og kontinuerleg arbeid som grip inn i all kommunal tenesteproduksjon.

## 2 Likestilling og inkluderende arbeidsliv



### Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

#### 1. Arbeidsmiljøutvalet 2022

Arbeidsmiljøutval var i 2022 sett saman slik:

| Namn                                                                                                            | Valt til   | <u>Stedfortredar</u>                           |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|------------------------------------------------|
| <b>Arbeidsgjevarrepresentantar</b>                                                                              |            |                                                |
| Ingvard Flekke                                                                                                  | 31.12.2022 | Connie Hovland                                 |
| Kjersti Valvik (leiar)                                                                                          | 31.12.2022 | Ingeborg <u>Opdøl</u> Tysnes                   |
| Wenche Elvseter                                                                                                 | 31.12.2022 |                                                |
| <b>Tilsettere representantar</b>                                                                                |            |                                                |
| Elisabeth Hove Bråtane (skuleåre 22/23)                                                                         | 21.06.2023 | Anna Myklebust<br>Johannesen (skuleåret 22/23) |
| Ellinor Espedal (Fagforbundet)                                                                                  | 21.06.2023 | Marit Svortevik                                |
| Petter <u>Hagenlund</u> (HVO)                                                                                   | 31.12.2022 | Kristin Rivedal Yndestad                       |
| <b>Merknad:</b>                                                                                                 |            |                                                |
| Lise Marie Bakkebø (FO) er valt som tilsettrepresentant til 21.06.2023, men er i permisjon for skuleåret 22/23. |            |                                                |
| <b>Bedriftshelsetenesta</b>                                                                                     |            |                                                |
| Marita Lavik/ Solrunn <u>Senneseth</u>                                                                          |            |                                                |

Dei tilsette vel sine representantar medan Kommunedirektøren peiker ut arbeidsgjevarrepresentantane. I Fjaler kommune er det kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse og omsorg som er faste arbeidsgjevarrepresentantar i AMU og dei representera dei to største einingane i kommunen. Kommunalsjef Teknisk og kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling er vara. Personalsjefen er sekretær for utvalet. Arbeidsgjevar og representantar frå dei tilsette veksar med å inneha leiarfunksjonen eitt år om gongen og i 2022 har Kjersti vært leiar for AMU.

## 2. Saker som Arbeidsmiljøutvalet behandla i 2022

Arbeidsmiljøutvalet avvikla 4 møte i 2022. Ei oversikt over sakene som ein har behandla i AMU i 2022 finn ein i tabellen under.

| Tema                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Tal saker                                          |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------|
| <b>Organisasjon</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Gjennomgang av vernerundar 2022</li><li>- Gjennomgang av verneombod sine verneområde</li><li>- HMS Utval <u>Dingemoen Skule</u></li><li>- Rapport <u>Ergonomisk RV</u> reinhald 2022</li><li>- Stadfesting HK 2022</li><li>- Hovudrapport MTM <u>Dingemoen skule</u> (arbeidsmiljøkartlegging)</li><li>- Rapport sjukefråvær 2022</li><li>- Rapportering HMT avvik, småskadar og skadar 2022</li></ul> | 8 (12)<br>To av sakene blir rapportert i kvart AMU |
| <b>Planar og rutinar</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- HMT mål og plan for 2022-2023 for Fjaler kommune</li><li>- HMT plan bistand frå <u>Avonova BHT</u> 2021-2022</li><li>- IA Plan 2019 (2020) – 2022</li><li>- Rutine Vald og Truslar</li><li>- Varslingsrutine</li></ul>                                                                                                                                                                            | 5                                                  |
| <b>Byggesaker</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Ingen saker</li></ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | 0                                                  |
| <b>Anna</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Møteplan for 2022</li><li>- Møteplan AMU 2023</li><li>- Langturnus/ <u>medlevarturnus</u> BPA4 og Miljøtenesta</li></ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                       | 3                                                  |

I tillegg diverse informasjonssaker.

## 3. Sjukefråvær

| Fjaler kommune | År   | Sjukefråvær |
|----------------|------|-------------|
| Fjaler kommune | 2022 | 9,4%        |
| Fjaler kommune | 2021 | 7,2 %       |
| Fjaler kommune | 2020 | 6,8 %       |
| Fjaler kommune | 2019 | 6,5 %       |
| Fjaler kommune | 2018 | 7,4 %       |
| Fjaler kommune | 2017 | 6,5 %       |
| Fjaler kommune | 2016 | 5,2 %       |
| Fjaler kommune | 2015 | 5,3 %       |

## Sjukefråvær 2022

| Arbeidsstad                | Totalt fråvær | Eigenmeldt    | Legemeldt 1-16 dagar | Legemeldt 17-56 dagar | Legemeldt > 57 dagar |
|----------------------------|---------------|---------------|----------------------|-----------------------|----------------------|
| Administrasjon og Kultur   | 1,78 %        | 0,86 %        | 0,63 %               | 0,28 %                | 0,00 %               |
| Oppvekst                   | 8,26 %        | 2,20 %        | 1,00 %               | 0,96 %                | 4,11 %               |
| Helse og omsorg            | 11,71 %       | 1,81 %        | 0,98 %               | 1,71 %                | 7,21 %               |
| Teknisk                    | 6,88 %        | 1,05 %        | 1,30 %               | 0,79 %                | 3,74 %               |
| <b>Fjaler kommune 2022</b> | <b>9,41 %</b> | <b>1,86 %</b> | <b>0,99 %</b>        | <b>1,26 %</b>         | <b>5,30 %</b>        |
| Fjaler kommune Q 4         | 10,44 %       | 1,57 %        | 0,72 %               | 1,92 %                | 6,23 %               |
| Fjaler kommune Q 3         | 8,15 %        | 0,98 %        | 1,33 %               | 2,20 %                | 3,64 %               |
| Fjaler kommune Q 2         | 8,28 %        | 1,46 %        | 0,92 %               | 1,61 %                | 4,29 %               |
| Fjaler kommune Q 1         | 9,54 %        | 2,44 %        | 1,28 %               | 1,52 %                | 4,31 %               |

## Sjukefråvær 2021

| Arbeidsstad                | Totalt fråvær | Eigenmeldt    | Legemeldt 1-16 dagar | Legemeldt 17-56 dagar | Legemeldt > 57 dagar |
|----------------------------|---------------|---------------|----------------------|-----------------------|----------------------|
| Administrasjon             | 3,95 %        | 0,40 %        | 0,16 %               | 1,06 %                | 2,33 %               |
| Oppvekst                   | 7,46 %        | 1,16 %        | 0,51 %               | 1,05 %                | 4,74 %               |
| Helse og omsorg            | 7,06 %        | 1,22 %        | 0,51 %               | 1,48 %                | 3,86 %               |
| Teknisk                    | 8,39 %        | 1,17 %        | 0,51 %               | 2,28 %                | 4,43 %               |
| <b>Fjaler kommune 2021</b> | <b>7,15 %</b> | <b>1,15 %</b> | <b>0,49 %</b>        | <b>1,34 %</b>         | <b>4,17 %</b>        |
| Fjaler kommune Q 4         | 6,41 %        | 1,59 %        | 0,58 %               | 2,21 %                | 2,04 %               |
| Fjaler kommune Q 3         | 6,48 %        | 1,18 %        | 0,55 %               | 1,63 %                | 3,13 %               |
| Fjaler kommune Q 2         | 6,85 %        | 0,78 %        | 0,45 %               | 0,65 %                | 4,97 %               |
| Fjaler kommune Q 1         | 8,60 %        | 1,03 %        | 0,62 %               | 1,96 %                | 4,99 %               |

## Sjukefråvær 2022 samanlikna med tidlegare år

Det legemeldte korttidsfråværet (1-16 dagar) er opp til 0,99% i 2022 frå 0,49% i 2021, legemeldt fråvær mellom 17-56 dagar har gått ned til 1,26% i 2022 frå 1,34% i 2021 og langtidsfråværet (over 57 dagar) har auka til 5,30% i 2022 frå 4,17% i 2021.

Over ein fireårsperiode (2019 – 2022) har langtidsfråværet gått frå 4,94% i 2019 til 5,30% i 2022. Korttidsfråværet har i den same perioden svinga mykje, dette kan nok knytast opp mot Koronapandemien og influensa, medan årsakene til auka i langtidsfråværet er meir samansette.

**SSB sin sjukefråværsstatistikk i kommunesektoren** viser eit samla eigenmeldt og legemeldt fråvær på 7,7 % for 2022. Korona og influensa prega sjukefråværet også i 2022, særleg då i starten av året.

Fjaler kommune har over tid hatt eit lågt fråvær samanlikna med andre kommunar, men i 2022 ligg vårt sjukefråvær på 1,71% over landsgjennomsnittet for kommunar.

I 2023 vil vi jobbe målretta for å få ned sjukefråværet i Fjaler kommune.

**Sjukefråværstala for alle næringer i landet** ligg på 6,8 % for 2022, her ligg Fjaler kommune 2,61 % over gjennomsnittet.

## 4. Vidare arbeid

### **Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor**

Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor vart gjennomført i november 2020 og den gav oss informasjon om korleis dei tilsette opplever arbeidsmiljøet og sin næraste leiar. Einingane har jobba med resultatet av kartlegginga og sett på forbettringspotensiale for å styrke det som ikkje er godt nok, og samtidig peike ut område der ein ønskjer å halde fram med gode resultat. Det er litt ulikt kor mykje fokus dette arbeidet har fått i dei ulike einingane og kor mykje ein har jobba med 10 faktor. Det er planlagt ny 10 faktor kartlegging våren 2024.

### **MTM medarbeidarundersøking Dingemoen skule**

Det blei gjennomført ei kvantitativ arbeidsmiljøkartlegging på Dingemoen skule i 2022. Resultatet etter kartlegginga blei presentert for leiinga og dei tilsette. I etterkant av kartlegginga valte dei tilsette ut to forbettrings- og to bevaringsområde som dei skulle fokusere vidare på. Det blei utarbeida handlingsplanar med mål, tiltak, ansvarleg og frist. Personalsjef fasiliterte kartlegginga og bisto leiar, tilsette og verneombod i oppfølgingsarbeidet i etterkant av kartlegginga.

### **Kvalitativ kartlegging i HAFS Barnevernsteneste**

Det blei gjennomført ei samtalebasert kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet i HAFS Barnevernsteneste i 2022. Kartlegginga blei gjennomført på bakgrunn av at det over tid har vært eit høgt sjukefråvæer og stor turn over i tenesta og ein ville sjå på kva ein kan tiltak ein kan sette i verk for å snu denne trenden. Dei tilsette skal jobbe med tiltak etter kartlegginga i 2023.

### **Deltaking i KLP sitt arbeidsmiljønettverk 2020-2022**

Fjaler kommune er ein av deltakarane i KLP sitt arbeidsmiljønettverk. Hovudfokus er på mestringsorientert leiing og mestringsklima, begge deler er vald med utgangspunkt i forskning på leiing og arbeidsmiljø. Prosjektgruppa er kommunalsjef oppvekst, HVO og personalsjef. Pga koronapandemien og endring i prosjektgruppa (ny personalsjef og ny HVO), har ein ikkje fått jobba med dette som det som var planlagt i 2022. Prosjektet er no avslutta.

### **Vernerundar**

Ein ser ei positiv utvikling i 2022 der ein har fått jobba meir systematisk med funn i vernerundar. HVO sin oppsummering etter funn i vernerundar blir presentert og diskutert i kommunedirektøren si leiargruppe før det blir tatt opp til behandling i AMU.

Noko av det som kjem opp i vernerundane krev investeringar i form av utbetring på bygg og er vanskeleg å gjere noko med utan ekstra løyvingar. Difor kjem nokre av desse funna opp år etter år.

Tilsett på teknisk kontor som har hovudansvar for bygg og eigedom jobbar langsiktig med strategi for vedlikehald av kommunale bygningar å planlegge, prioritere og systematisk gjennomføre nødvendig vedlikehald og oppgraderingar.

### **Vald og truslar**

I 2022 har ein hatt fokus på vald og truslar i arbeidskvardagen og det er utarbeida ei ny rutine «Førebygging, handtering og oppfølging av tilsette etter vald og truslar i Fjaler kommune». Føremålet er å jobbe førebyggjande for at alle tilsette har eit trygt arbeidsmiljø og sikre at tilsette får tilbod om oppfølging dersom dei har blitt utsett for vald og truslar.

### **Varsling**

I 2022 har det blitt utarbeidd ei ny rutine for varsling. I følge arbeidsmiljølova har arbeidsgjevar ei plikt til å legge til rette for varsling gjennom å utarbeide ei varslingsrutine.

### **Arbeid med sjukefråvær**

Vi skil ikkje oss så mykje frå andre kommunar når det gjeld trendar i sjukefråværet. Det kan vere mykje å hente på å ta i bruk ulike verktøy som kan hjelpe oss med å få ned fråværet og dermed kostnadane ved sjukefråvær, både dei økonomiske kostnadane og den ekstra belastninga som dei andre tilsette får.

I 2023 vil ein sjå nærare på dei ulike verktøya som er utarbeida, blant anna Arbeidsmiljøportalen, Ein bra dag på jobben, Idebanken og på NAV. I tillegg vil leiarane våre bli kursa i sjukefråværsarbeid og den viktige medarbeidersamtalen.

## **6 Likestilling og inkludering**

### **Likestilling**

Fjaler kommune sin visjon er eit ope samfunn, denne visjonen vert og lagt til grunn i arbeidsgjevarpolitikken. Vi skal opplevast som ein arbeidsgjevar som er romsleg når det gjeld tilrettelegging og inkludering.

### **Likeløn**

Gjennomsnittsløna utan funksjonstillegg var kr 514.650 (1) for Fjaler kommune i 2022. For kvinnelege tilsette var gjennomsnittsløna kr 514.240 (2) og kr 516.006 (3) for mannlege tilsette, i 2021 var tala kr 501.354 (1), kr 499.861 (2) og kr 507.459 (3). Gjennomsnittsløna har auka med 2,7% frå 2021, der gjennomsnittsløna for kvinner har auka mest med 2,9% mot 1,7% for menn.

I hovudtariffavtalen, med verknad frå 1. mai 2022 vart dei lågaste ansiennitetstrinna erstatta med ei ny høgare garantiløn som gjeld fram til 6 år. Dette gjeld for alle stillingsgruppene utanom ufaglærte og vil seie at alle nytilsette etter 1.mai 2022 utanom ufaglærte starta på 4 års ansiennitet. Dette i lag med tiltak som til dømes auka kompetanse hos reinhaldarane der alle fekk tilbod om å ta fagbrev kan vere med å forklare noko av auken i løna.

## Arbeidstrening

Jamleg tek vi i mot praksiskandidatar og andre som ønskjer arbeidstrening, og legg godt til rette for arbeidstrening for menneske med ulike typar funksjonshemmingar ved behov.

## Kjønnsbalanse

|             | Tal tilsette | Årsverk | Tal tilsette menn | Tal tilsette kvinner | Kvinneandel |
|-------------|--------------|---------|-------------------|----------------------|-------------|
| <b>2022</b> | 354          | 289,5   | 82                | 272                  | 76,8 %      |
| <b>2021</b> | 345          | 273     | 67                | 278                  | 80,6 %      |
| <b>2020</b> | 335          | 281     | 66                | 269                  | 80,3 %      |
| <b>2019</b> | 342          | 281     | 66                | 276                  | 80,7 %      |
| <b>2018</b> | 351          | 282     | 64                | 287                  | 81,8 %      |

Per 31.12.2022 er det totalt 354 tilsette fordelt på 272 kvinner og 82 menn, det totale årsverket er 289,5. Vi har ein kvinneandel på 76,8% som er ned 3,8% frå 80,6% i 2021.

01.09.2022 blei alle brannkonstablane i kommunen lagt inn med ein fast stillingsprosent. Dette er nok ein av grunnane til at det er så stor auke i tal tilsette menn frå 2021 då det var 67 tilsette menn.

Som elles i kommunal sektor er kvinner sterkt overrepresentert. Ideelt sett ønskjer vi å ha arbeidsmiljø der det er ein god balanse mellom kjønna, men vi ser at det er vanskeleg å få dette til i nokre sektorar. Dette gjeld både på kvinnedominerte arbeidsplassar som helse og omsorg og til dels i oppvekst, og på mannsdominerte arbeidsplassar som i teknisk sektor.

## Tiltak kjønnsbalanse

Ved rekruttering tek vi i bruk annonser med referanse til ønska balanse og føretekst kjønn gitt like føresetnadar. Vi ser at det er ønskje og behov for fleire menn i helse og omsorg, men og i oppvekst, og ønskjer å vere ein attraktiv arbeidsgjevar òg for mannlege arbeidstakarar i desse sektorane.

## Arbeid med heiltidskultur

Oversikt heiltid og deltid for kvinner og menn i perioden 2018 til 2022.

|             | Tal tilsette | Heiltid kvinner og menn | Deltid kvinner og menn |
|-------------|--------------|-------------------------|------------------------|
| <b>2022</b> | 354          | 54,2 %                  | 45,8 %                 |
| <b>2021</b> | 345          | 50,7 %                  | 49,3 %                 |
| <b>2020</b> | 335          | 45,1 %                  | 54,9 %                 |
| <b>2019</b> | 342          | 46,8 %                  | 53,2 %                 |
| <b>2018</b> | 351          | 50,1 %                  | 49,9 %                 |

Av dei 354 tilsette i 2022 jobba 54,2% heiltid og 45,8% deltid. Dette er ei auke med 3,5% blant heiltidstilsette og ein tilsvarande reduksjon blant deltidstilsette frå 2021.

## Oversikt heiltid og deltid fordelt på kjønn for 2022 og 2021

| 2022           | Tal tilsette fordelt på kjønn | Tal tilsette på heiltid fordelt på kjønn | Tal tilsette på deltid fordelt på kjønn | Årsverk heiltid fordelt på kjønn | Årsverk deltid fordelt på kjønn | Gjennomsnittleg stilling for deltidstilsette fordelt på kjønn | Gjennomsnittleg stilling totalt fordelt på kjønn |
|----------------|-------------------------------|------------------------------------------|-----------------------------------------|----------------------------------|---------------------------------|---------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------|
| <b>Kvinner</b> | 272                           | 153                                      | 119                                     | 148                              | 81,51                           | 68,45 %                                                       | 84,36 %                                          |
| <b>Menn</b>    | 82                            | 39                                       | 43                                      | 37,2                             | 22,84                           | 53,2 %                                                        | 73,26 %                                          |
| <b>Sum</b>     | 354                           | 192                                      | 162                                     | 185,2                            | 104,34                          |                                                               | 78,80 %                                          |

| 2021           | Tal tilsette fordelt på kjønn | Tal tilsette på heiltid fordelt på kjønn | Tal tilsette på deltid fordelt på kjønn | Årsverk heiltid fordelt på kjønn | Årsverk deltid fordelt på kjønn | Gjennomsnittleg stilling for deltidstilsette fordelt på kjønn | Gjennomsnittleg stilling totalt fordelt på kjønn |
|----------------|-------------------------------|------------------------------------------|-----------------------------------------|----------------------------------|---------------------------------|---------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------|
| <b>Kvinner</b> | 278                           | 139                                      | 139                                     | 139                              | 81,49                           | 58,62                                                         | 79,31 %                                          |
| <b>Menn</b>    | 67                            | 36                                       | 31                                      | 36                               | 17,08                           | 55,12                                                         | 79,22 %                                          |
| <b>Sum</b>     | 345                           | 175                                      | 170                                     | 175                              | 98,57                           |                                                               | 79,25 %                                          |

Ein del tilsette i helgestilling i helse og omsorg og deltidsstillingar i Brannvesenet gjer at vi kjem ut med mange tilsette på deltid, uavhengig av kjønn.

For kvinner har gjennomsnittleg stillingsprosent auka frå 82,4 % i 2018 til 83,9 % i 2020, gått ned til 79,31% i 2021 og opp att til 84,36% i 2022. Dersom vi ser tilbake til 2014 har det i denne perioden vore ei auke i gjennomsnittleg stillingsprosent for kvinner frå 71 % til 84,36%.

I 2022 ser ein at det har vore ein liten reduksjon frå total gjennomsnittleg stillingsprosent med 79,25% i 2021 til 78,8% i 2022 og reduksjonen har vore størst hos menn der gjennomsnittleg stillingsprosent har gått frå 79,22% i 2021 til 73,26% i 2022. Noko av grunnen til dette er truleg alle brannkonstablane som har kome inn med ei 1,15% stilling frå 01.09.2022.

Tala frå 2014 og til i dag synar ei auke frå 71 % til 78,8% i gjennomsnittleg stillingsprosent, og dette tydar forhåpentlegvis på at vi er på rett veg i arbeidet med heiltidskultur.

### Tiltak heiltidskultur

Arbeidsgjevar og dei tillitsvalde er samde om at det skal være årsturnus i helse og omsorg. Årsturnus gjer det mogleg for arbeidsgjevarar å auke stillingsstorleiken til dei som ønskjer større stilling, då ein kan planleggje lengjer fram i tid.

Dei tillitsvalde er ein viktig samarbeidspart i arbeidet med heiltidskultur. Det er jamlege møter mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde der drøfting av deltidsproblematikk er eit punkt på agendaen. Saman har vi ved nye utlysingar av ledige stillingar eit kontinuerleg fokus på å sikre rettane til deltidstilsette som ønskjer auke i stilling.

I oppvekstområdet, og for turnusarbeidande i helse og omsorg blir det årleg kartlagt kven som ønskjer auke i stilling. I samarbeid med dei tillitsvalde har arbeidsgjevar valt å sende ut kartlegging over dei med ufrivillig deltid årleg. Med dei føresegna som arbeidsmiljølova set ved fortrinnsrett for deltidstilsette så er det nødvendig for arbeidsgjevar å ha oversikt i tilfelle det skal lysast ut stillingar.

Hovudtariffavtalen legg formelle føringar på partane i kommunal sektor når det gjeld arbeid med heiltidskultur. Fjaler kommune som arbeidsgjevar har eit godt og konstruktivt samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar når det gjeld heiltidskultur og arbeidet med denne.

## 6. Utfordringar framover

### **Etterverknad av korona pandemien**

I 2020 og 2021 var kommunal sektor sterkt belasta av verknadane av pandemien, og mykje av dette har dei tilsette både ute i einingane og i leiinga vore utsette for. Mange strekte seg langt og var endringsvillige og tilpasningsdyktige i ei krevjande tid for fellesskapet. For Fjaler kommune som arbeidsgjevar har det vore imponerende å sjå både det arbeidet som har vore lagt ned av dei tilsette i denne tida, men også den store vilja til endring og omstilling som tilsette har vist at dei har. I 2022 har vi sett etterverknadar av denne belastninga over tid, og tilsette og leiarar treng tid på å hente seg inn att etter to år med pandemi.

### **Rekruttere og behalde kritisk kompetanse**

Det vil bli vanskelegare å rekruttere nødvendig og kritisk kompetanse framover, spesielt nokre utdanningsretningar. Dette blir det auka fokus på framover, og arbeidsgjevar må arbeide både med å behalde og rekruttere den kompetansen den treng.

Ein har starta eit arbeid med å kartlegge kompetansebehov og kompetansebeholdning i Helse og omsorg, som ein del av ein større kompetanseplan. I tillegg har ein eit samarbeid med tillitsvalte for å kartlegge korleis vi kan rekruttere, behalde og utvikle tilsette i Fjaler kommune.

### **Arbeid med sjukefråvær**

Fjaler kommune har framleis høgare sjukefråvær enn det som er målsetninga, og arbeidet med dette vil verte prioritert i 2023. Det vil bli laga ein overordna handlingsplan for korleis vi skal jobbe med sjukefråvær i Fjaler kommune, satt opp kurs for å auke kompetansen til våre leiarar i sjukefråværsførebygging og sjukefråværsoppfølging og utarbeida materiell til bruk i sjukefråværsarbeidet. Personalsjef og kommunalsjefar vil følgje tettare opp einingar som over tid har hatt høgt sjukefråvær.

### **Leiaropplæring**

I 2023 vil ein sette opp felles leiarmøte for å knytte leiarane i dei ulike sektorane saman, få til felles opplæring og for å jobbe med leiarutvikling. Gode og trygge leiarar er viktig for at Fjaler kommune skal nå sine mål og for å sikre at våre tilsette opplev arbeidsglede og engasjement i sitt arbeid.


### 3 økonomi



#### 4.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat seier noko om kommunen sin langsiktige økonomiske balanse og handlefridom. Negativt netto driftsresultat tyder på at vi brukar meir enn vi tener, positivt netto driftsresultat betyr at kommunen driv med overskot og kan sette midlar av til driftsfond og framtidige investeringar.

Det vil sei at netto driftsresultat syner kva kommunen har til rådvelde til å eigenfinansiere investeringar og bygge opp reserver. TBU ha berekna at kommunane bør ha eit netto driftsresultat på 1,75%, men at ein bør gjere lokale vurderingar knytt til fastsetjing av måltalet. Fjaler kommune har eit mål at vi annan 2026 skal ha eit netto driftsresultat på minimum 1,25%. Årsaka til av vi ligg under anbefalinga er den høge lånegjelda og dermed høg avdragsbelastning i driftsrekneskapen.



|                 | 2019   | 2020   | 2021  | 2022  |
|-----------------|--------|--------|-------|-------|
| Fjaler          | -1,4 % | -1,4 % | 1,3 % | 7,3 % |
| Kostragruppe 05 | 0,6 %  | 1,8 %  | 4,4 % | 4,3 % |

Årsaka til det høge resultat i 2022 skuldast ein ekstraordinær høg skatteinngang, i tillegg til at overføring frå havbruksfondet vart høgare enn budsjett. Eg vil poengtere at det høge resultatet i 2022 ikkje har friskmeldd økonomien til kommunen. Vi kjem ikkje til å ha eit inntektsnivå på denne størrelsen komande år.

Måltal: Kommunestyret i Fjaler har vedteke at vi innan 2026 skal ha eit netto driftsresultat på minimum 1,25%. I 2022 er netto driftsresultat 7,3%.

## 4.2 Løn i av brutto driftsinntekter

Ein stor del av kommunen sine inntekter er bundne opp i faste lønnsutgifter. Lønsandel i % av driftsinntektene kan sei noko om kommunen sitt handlingsrom. Kor mykje er igjen til politiske prioriteringar etter at løn er dekkja. Reduksjon i lønsutgiftene krev ofte ein meir omfattande politisk prosess enn kva kutt i mange andre utgifter. Det kan difor vere viktig med eit overordna syn på utviklinga av lønnsutgiftene i kommunen. Lønsandelen i kommunar ligg vanlegvis mellom 60-70%.

Tabellen under viser Fjaler kommune sin andel av løn målt mot driftsinntektene.


|                                                       | 2018    | 2019    | 2020    | 2021    | 2022    |
|-------------------------------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Løn og sosiale utgifter i % av brutto driftsinntekter | 64,60 % | 68,30 % | 64,73 % | 66,90 % | 60,68 % |

Det ein ofte ser er at andelen av løn i små kommunar ligg høgre enn for dei store kommunane. Det betyr at handlingsrommet for små kommunar ofte er mindre. Bakgrunnen for at tala variere annakvart år er at utbetalinga frå Havbruksfondet ikkje er årleg.

I 2022 er Fjaler nede på ein andel på 60,68%, dette skuldast den store inntektsauken vi hadde. Nivået vil normalisere for 2023, her ligg budsjetttert nivå på 68%

## 4.3 Langsiktig gjeld

Fjaler kommune har vedteke ei målsetjing om at innan 2026 skal gjeldsgrada til kommunen ligge på 130 % av brutto driftsinntekter. Dette er brutto lånegjeld. Det vil sei at vi ikkje har korrigert for ubrukte lånemidlar, lån til vidare utlån og lån til sjølvkostområda. Ved utgangen av 2022 er gjeldsgrada til kommunen på 131,3%



|                 | 2019    | 2020    | 2021    | 2022    |
|-----------------|---------|---------|---------|---------|
| Fjaler          | 103,7 % | 117,6 % | 140,3 % | 131,3 % |
| Kostragruppe 05 | 94,1 %  | 97,0 %  | 94,8 %  | 91,9 %  |


Når det gjeld målsetjinga til Fjaler kommune er ei gjeldsgrad på 130% langt over det som er anbefalt, men vi har ei veldig høg lånegjeld, difor er målsetjinga sett reelt høgt, men er basert på det vi meiner er realistisk. Det vil sei at vi i planperioden ikkje bør ha netto auke i lånegjelda til kommunen. Årsaka til den store reduksjonen i gjeldsgrad skuldast at dette blir målt mot driftsinntektene til kommunen. Vi vil difor få ei auke igjen i 2023 sidan det er venta eit lågare inntektsnivå. Vi må difor framleis ha ein praksis der vi ikkje lånar meir enn avdragsbelastninga i driftsrekneskapen.

#### 4.4 Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet syner kor mykje kommunen har sett til side, eller har til disposisjon for seinare drifts- og investeringsføremål. Disposisjonsfondet er det einaste fondet som fritt kan nyttast til dekking av utgifter i både drifts- og investeringsrekneskapen. Disposisjonsfondet er difor den delen av «reservane» som gjev det beste uttrykket for den økonomiske handlefridomen.

Kommunen bør til ei kvar tid ha ein buffer til å møte uføresette hendingar, som svikt i inntektene eller auke i utgiftene. Oppbygging av eit disposisjonsfond kan og bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane.

Saldo på disposisjonsfondet var ved utgangen av 2022 på kr 49,5 dette er ein auke frå 2021 på kr 29,7 mill



|                 | 2019  | 2020   | 2021   | 2022   |
|-----------------|-------|--------|--------|--------|
| Fjaler          |       | 3,9 %  | 6,3 %  | 13,4 % |
| Kostragruppe 05 | 9,5 % | 10,6 % | 13,6 % | 16,5 % |

#### Måltal på disposisjonsfond

Kommunestyret i Fjaler har vedteke eit økonomisk måltal på disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter på >8%. Dette utgjer kr 29,3 mill. Grunna dei ekstraordinære inntektene og tilbakeføringer av forskotteringar har vi i 2022 styrka disposisjonsfondet til med kr 29,7 mill i 2022. I prosent av driftsinntektene utgjer det 13,4 % ved utgangen av 2022.

## 4.5 Regnskapsrinsipp

Fjaler kommune sin rekneskap er ført etter dei kommunale rekneskapsprinsipp jf. Kommunelova §14 med tilhøyrande forskrift. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og betyr at all tilgang og avgang av midlar i løpet av året skal visast i anten- drifts eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og inntekter i kommunen og resultatet av desse gjennom året. Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i tilknytning til investeringar og utlån samt korleis desse er finansiert.

Driftsrekneskapen til kommunen syner årlege avskrivningar som er årlege kostnader som fylgje av forbruk av driftsmidlar

Avskrivningane påverkar kommunen sitt brutto driftsresultat, men vert nullt ut slik at netto driftsresultat er upåverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med den utgift som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Årsaka til at avskrivningane vert vist i rekneskapen er mellom anna at avgjerdstakarar og brukarar av rekneskapen skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den høve kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet.

## 4.7 Hovudoversikt drift

### Økonomisk oversikt § 5-6

|                                                                   | Rekneskap<br>2022  | Rev. Budsj<br>2022 | Budsjett2022       | Regnskap<br>2021   |
|-------------------------------------------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                                            |                    |                    |                    |                    |
| 1 Rammetilskudd                                                   | 111 216 825        | 127 274 000        | 152 347 000        | 147 157 899        |
| 2 Inntekts- og formuesskatt                                       | 141 951 806        | 105 363 000        | 75 910 000         | 82 368 913         |
| 3 Eiendomsskatt                                                   | 9 340 274          | 9 187 000          | 9 187 000          | 6 124 279          |
| 4 Andre skatteinntekter                                           | 11 889             | 0                  | 0                  | 11 889             |
| 5 Andre overføringer og tilskudd fra staten                       | 19 867 238         | 13 641 000         | 12 041 000         | 9 189 196          |
| 6 Overføringer og tilskudd fra andre                              | 56 637 497         | 45 281 441         | 41 981 441         | 50 743 217         |
| 7 Brukerbetalinger                                                | 10 048 577         | 11 460 300         | 11 705 300         | 11 253 584         |
| 8 Salgs- og leieinntekter                                         | 18 085 883         | 16 843 525         | 17 043 525         | 16 094 647         |
| <b>9 Sum driftsinntekter</b>                                      | <b>367 159 988</b> | <b>329 050 266</b> | <b>320 215 266</b> | <b>322 943 624</b> |
| <b>Driftsutgifter</b>                                             |                    |                    |                    |                    |
| 10 Lønnsutgifter                                                  | 185 895 322        | 178 341 828        | 177 366 828        | 179 929 062        |
| 11 Sosiale utgifter                                               | 36 925 569         | 38 967 551         | 38 693 551         | 36 277 283         |
| 12 Kjøp av varer og tjenester                                     | 72 349 638         | 67 351 896         | 64 441 896         | 66 351 260         |
| 13 Overføringer og tilskudd til andre                             | 27 705 283         | 23 204 641         | 23 084 641         | 26 102 962         |
| 14 Avskrivninger                                                  | 19 590 597         | 18 019 850         | 18 019 850         | 14 159 049         |
| <b>15 Sum driftsutgifter</b>                                      | <b>342 466 409</b> | <b>325 885 766</b> | <b>321 606 766</b> | <b>322 819 617</b> |
| <b>16 Brutto driftsresultat</b>                                   | <b>24 693 580</b>  | <b>3 164 500</b>   | <b>-1 391 500</b>  | <b>124 007</b>     |
| <b>Finansinntekter</b>                                            |                    |                    |                    |                    |
| 17 Renteinntekter                                                 | 2 191 766          | 1 351 000          | 877 000            | 907 841            |
| 18 Utbytter                                                       | 6 406 819          | 6 406 000          | 6 270 000          | 5 578 991          |
| 20 Renteutgifter                                                  | 9 366 695          | 8 029 000          | 8 029 000          | 5 784 639          |
| 21 Avdrag på lån                                                  | 15 445 110         | 15 496 000         | 15 496 000         | 10 982 000         |
| <b>22 Netto finansutgifter</b>                                    | <b>-16 213 220</b> | <b>-15 768 000</b> | <b>-16 378 000</b> | <b>-10 279 806</b> |
| 23 Motpost avskrivninger                                          | 19 590 597         | 18 019 851         | 18 019 851         | 14 159 049         |
| <b>24 Netto driftsresultat</b>                                    | <b>28 070 956</b>  | <b>5 416 351</b>   | <b>250 351</b>     | <b>4 003 250</b>   |
| <b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>               |                    |                    |                    |                    |
| 25 Overføring til investering                                     | 594 894            | 410 000            | 0                  | 1 455 548          |
| 26 Avsetninger til bundne driftsfond                              | 4 332 016          | 913 551            | 913 551            | 3 499 517          |
| 27 Bruk av bundne driftsfond                                      | -6 580 640         | -790 200           | -790 200           | -8 464 144         |
| 28 Avsetninger til disposisjonsfond                               | 29 724 686         | 7 207 000          | 127 000            | 7 512 329          |
| 29 Bruk av disposisjonsfond                                       | 0                  | -2 324 000         | 0                  | 0                  |
| <b>31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b> | <b>28 070 956</b>  | <b>5 416 351</b>   | <b>250 351</b>     | <b>4 003 250</b>   |
| 32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)               | 0                  | 0                  | 0                  | 0                  |


## 4.8 driftsinntekter

Fjaler kommune sine driftsinntekter er sett saman av

- Skatteinntekter
- Rammetilskot frå staten
- Havbruksfond
- Eigedomsskatt
- Statstilskot flyktningar
- Andre inntekter som vert inntektsført på einingane, td refusjonar, brukarbetalingar, husleigeinntekter og øyremerkte tilskot.

I 2022 var samla driftsinntekter på kr 367,2 mill dette er ein auke i høve 2021 på kr 44,2 mill.

Vi har auke på fleire inntektspostar, men den største auken finn vi på skatteinntekter. Her har vi ein auke i høve budsjett på kr 36,6 mill. Som ein konsekvens av dei høge skatteinntektene er inntektsutjamninga sin del av skatteinntektene redusert med kr 16.mill i høve budsjett.



|                 | 2019      | 2020       | 2021       | 2022       |
|-----------------|-----------|------------|------------|------------|
| Fjaler          | 311 179   | 326 669    | 334 231    | 375 537    |
| Kostragruppe 05 | 6 344 500 | 13 568 029 | 14 417 012 | 15 415 573 |

## 4.9 Driftsutgifter

Fjaler kommune sine driftsutgifter (eks interne overføringer) er sett saman av

- Løn og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester
- Overføringer og tilskot til andre
- Avskrivningar


Driftsutgiftene ligg i 2022 er på kr 342,5 mill, dette er ein auke i høve 2021 på kr 19,7 mill.

Enkelt postane som auka mest var løn og sosiale utgifter på kr 6,6 mill avg avskrivningar på kr

Auke på løn og sosiale utgifter var på kr 6,6 mill. I tillegg auka avskrivningane med kr 5,4 mill. skuldast aktivering av ny skule på Dingemoen. Elles er det auke på dei fleste postar. Fjaler kommune merkar også godt den ekstraordinære kostnadsauken som har vore på varer og tenester.

Avviket på løn må sjåast i samanheng med inntektsposten på refusjon sjuke- og fødselsløn. Her har vi eit avvik i høve budsjett på kr 9,6 mill. Det reelle resultatet på løn blir difor – kr3 mill. Det vil sei at vi

Samla sett har eit mindreforbruk målt mot budsjett. Vi har i 2022 hatt høg turnover og eit veldig høgt sjukefråver, vi ser at vi ikkje alltid klarer å skaffe vikarar når tilsette er sjuke. I tillegg har vi innfor nokre områder ikkje klart å rekruttere kvalifisert arbeidskraft.



|                 | 2019      | 2020       | 2021       | 2022       |
|-----------------|-----------|------------|------------|------------|
| Fjaler          | 321 408   | 333 926    | 334 441    | 351 373    |
| Kostragruppe 05 | 6 414 271 | 13 480 949 | 14 044 694 | 14 962 017 |

## 4.10 Finanstransaksjonar

### Finansinntekter

Finansinntektene er sett saman av renteinntekter, utbyte og eigaruttak, gevinst ved sal av finansielle omløpsmidlar samt mottekne avdrag på utlån.

Samla finansinntekter i 2022 er på kr 8,6 mill mot 6,5 mill i 2021. Av dette er :

- Utbyte Eviny kr 5,55 mill
- Utbyte Sog og Fjordane Holding as (SFE) kr 0,86mill
- Renteinntekter på bankinnskott i sparebanken Sogn og Fjordane kr 2,19 mill

Det har vore auke på inntektspotane i 2022 samanlikna med 2022

Det ordinære utbytet i 2022 frå Eviny (tidlegare BKK) ligg på eit vesentleg høgare nivå enn utbyte vi tidlegare mottok frå Sunnfjord Energi og har auka årleg etter fusjonen. I tillegg får vi no utbyte frå SFE etter at fylkeskommunen overførte sine aksjar til kommunane i gamle Sogn og Fjordane. Renteinntektene er meir enn dobla samanlikna med nivået i 2021 – Det heng saman med renteauken i 2022.

### Finansutgifter

Finansutgiftene er sett saman av renteutgifter, provisjonar og andre utgifter knytt til kommunen si låneportefølje.

Renteutgifter knytt til kommunen si låneportefølje utgjorde i 2021 kr 9,36 mill, dette er ein auke i høve 2021 på kr 3,5 mill. Dette er ein konsekvens av auka lånegjeld og auka rentenivå.

Avdrag på kommunen si låneportefølje utgjorde i 2021 kr 15,4mill., ein auke i høve 2021 på kr 4,4 mill. Dette skuldast i all hovudsak avdragsbelastning knytt til Dingemoen skule.

#### 4.11 Gjeld og utlån

Den langsiktige gjelda til ekskl. pensjonsforpliktingar har auka med kr 24,45 frå 2021-2022.

Lånegjelda er ved utgangen av 2022 på kr 493,17 mill

Det er i løpet av 2022 betalt kr 15,4 mill i ordinære avdrag på kommunen si lånemasse og kr 0,66 mill i avdrag på Husbanklån til vidare utlån.

Fjaler kommune hadde ved utgangen av 2021 fastrente på 34,3 % av låneportefølja.

Ved utgangen av året var gjennomsnittrenta i porteføljen 2,39%.

Referanserenta låg på 3,92% medan 3 mnd Nibor var 2,26%.

Portefølja sin durasjon var ved utgangen av 2022 på 1,1 år

| Instrument                    | Volum          | Forfall | Renter      | % av porteføljen |
|-------------------------------|----------------|---------|-------------|------------------|
| Sparebank1 Markets sertifikat | 85 012         | 2023    | 3,80 %      | 17,24 %          |
| DNB sertifikat                | 67 859         | 2023    | 3,86 %      | 13,76 %          |
| DNB sertifikat                | 100 000        | 2023    | 1,39 %      | 20,28 %          |
| Kommunalbanken flyt           | 63 815         | 2023    | 3,57 %      | 12,94 %          |
| Kommunalbanken fast rente     | 60 722         | 2024    | 2,19 %      | 12,31 %          |
| Kommunalbanken fast rente     | 108 346        | 2026    | 1,61 %      | 21,97 %          |
| Husbanken 1                   | 113            | 2029    | 1,73 %      | 0,02 %           |
| Husbanken 2                   | 0              | 2022    | 1,73 %      | 0,00 %           |
| Husbanken 3                   | 437            | 2029    | 1,73 %      | 0,09 %           |
| Husbanken 4                   | 500            | 2030    | 1,73 %      | 0,10 %           |
| Husbanken 5                   | 750            | 2030    | 1,73 %      | 0,15 %           |
| Husbanken 6                   | 1 548          | 2032    | 1,73 %      | 0,31 %           |
| Husbanken 7                   | 1 473          | 2035    | 1,73 %      | 0,30 %           |
| Husbanken 8                   | 2 595          | 2039    | 1,73 %      | 0,53 %           |
| <b>Sum låneportefølje</b>     | <b>493 170</b> |         | <b>2,59</b> | <b>100,00 %</b>  |

Totalt disponerte ubrukte lånemidler ved utgangen av året er på kr 15,7, dette er ein reduksjon i høve 2021 på kr 10,6 mill.

## 4.12 Investering

### Bevilgningsoversikt investering

|                                                                | Regnskap 2022     | Justert Budsj<br>2022 | Budsjett 2022     | Regnskap 2021      |
|----------------------------------------------------------------|-------------------|-----------------------|-------------------|--------------------|
| Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)                       |                   |                       |                   |                    |
| 1 Investeringer i varige driftsmidler                          | 62 662 471        | 95 296 132            | 38 670 000        | 108 042 644        |
| 2 Tilskudd til andres investeringer                            | 1 571 250         | 1 360 000             | 300 000           | 1 320 000          |
| 3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper                | 721 707           | 620 000               | 620 000           | 988 480            |
| 4 Utlån av egne midler                                         | 400 000           | 0                     | 0                 | 0                  |
| <b>6 Sum investeringsutgifter</b>                              | <b>65 355 428</b> | <b>97 276 132</b>     | <b>39 590 000</b> | <b>110 351 124</b> |
| 7 Kompensasjon for merverdiavgift                              | 7 975 139         | 13 646 384            | 5 435 000         | 18 637 521         |
| 8 Tilskudd fra andre                                           | 4 971 047         | 300 000               | 300 000           | 9 523 209          |
| 9 Salg av varige driftsmidler                                  | 1 104 051         | 0                     | 0                 | 1 070 000          |
| 10 Salg av finansielle anleggsmidler                           | 3 881 606         | 6 500 000             | 0                 | 0                  |
| 11 Utdeling fra selskaper                                      | 0                 | 0                     | 0                 | 0                  |
| 12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler                     | 0                 | 0                     | 0                 | 0                  |
| 13 Bruk av lån                                                 | 51 113 209        | 67 038 630            | 33 855 000        | 79 649 484         |
| <b>14 Sum investeringsinntekter</b>                            | <b>69 045 052</b> | <b>87 485 014</b>     | <b>39 590 000</b> | <b>108 880 213</b> |
| 15 Videreutlån                                                 | 0                 | 0                     | 0                 | 0                  |
| 16 Bruk av lån til videreutlån                                 | 0                 | 0                     | 0                 | 0                  |
| 17 Avdrag på lån til videreutlån                               | 657 158           | 0                     | 0                 | 660 268            |
| 18 Mottatte avdrag på videreutlån                              | 317 811           | 0                     | 0                 | 322 699            |
| <b>19 Netto utgifter videreutlån</b>                           | <b>339 347</b>    | <b>0</b>              | <b>0</b>          | <b>337 569</b>     |
| 20 Overføring fra drift                                        | -594 894          | -410 000              | 0                 | -1 455 548         |
| 21 Avsetninger til bundne investeringsfond                     | 0                 | 0                     | 0                 | 0                  |
| 22 Bruk av bundne investeringsfond                             | 0                 | 0                     | 0                 | -20 000            |
| 23 Avsetninger til ubundet investeringsfond                    | 4 066 500         | 0                     | 0                 | 805 548            |
| 24 Bruk av ubundet investeringsfond                            | -121 329          | -9 381 118            | 0                 | -1 138 480         |
| 25 Dekning av tidligere års udekket beløp                      | 0                 | 0                     | 0                 | 0                  |
| <b>26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>        | <b>3 350 277</b>  | <b>-9 791 118</b>     | <b>0</b>          | <b>-1 808 480</b>  |
| <b>27 Fremført til inndeckning i senere år (udekket beløp)</b> | <b>0</b>          | <b>0</b>              | <b>0</b>          | <b>0</b>           |

## 5 Årsmelding frå Sektorane

### 5.1 Oppvekst

#### 1 Om Sektoren

| Eining                                         | Leiar                                                               | Om eininga                               | Årsverk                                                                   | Barn/elev            |
|------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------|------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------|----------------------|
| Oppvekst og integrering<br>Administrasjon      | Ingvard Flekke                                                      | Hafs oppvekst<br>HTV                     | 2,4*                                                                      | 36 vaksne<br>41 barn |
| Dingemoen skule 1-7<br>8-10<br>Vaksenopplæring | Eli-Terese<br>Sande,                                                |                                          | 44,5                                                                      | 178<br>76<br>Ca 30   |
| Flekke skule og<br>barnehage                   | Magnhild<br>Hoddevik                                                |                                          | Skule; 7,8<br>lærer +1,5<br>fagarb.<br>B.hage; 3<br>lærer, 4,6<br>fagarb. | 41 elev<br>28 barn   |
| Våge skule og<br>barnehage                     | Gøril Fristad                                                       |                                          |                                                                           | 45 elev<br>20 barn   |
| Yksnebjør barnehage                            | Turid Straume,                                                      |                                          | 15                                                                        | 61 barn              |
| PPT                                            | Berit Bjørnsen,                                                     | Felleskontor for 5<br>kommunar.          | 7                                                                         |                      |
| Hyllestad og Fjaler<br>kulturskule             | Mats Willemoes<br>Systaddal                                         | Felles leing med<br>Askvoll              | 7                                                                         | 266<br>elevplassar   |
| Integreringstenesta                            | Florence<br>Hamper,<br>koordinator<br>Elid M. Haaland,<br>konsulent |                                          |                                                                           |                      |
|                                                |                                                                     |                                          |                                                                           |                      |
| Elvetun barnehage<br>(privat)                  | Anny Holm,<br>styrar og<br>barnehageeigar                           | Fjaler kommune er<br>barnehagemyndigheit |                                                                           | 39 barn              |

\*Hafs oppvekst, ingen stilling frå 2023.

## 2 Økonomi

|           | 2021   | 2022   |
|-----------|--------|--------|
| Rekneskap | 75 247 | 77 825 |
| Budsjett  | 74 909 | 77 050 |
| Avvik     | 338    | 775    |

Største avviket har er på Yksnebjør barnehage med ca 1 100 000. Vikarutgiftene er ca 500 000,- meir enn budsjettet. Barnehagen har òg budsjettet med større inntekter enn det som var reelt. Noko vi dessverre ikkje greidde å fange opp.

Flekke skule og barnehage har eit overforbruk på ca 300 000,- . I hovudsak er dette på vikarar i barnehagedelen

Kulturskulen i Hyllestad og Fjaler hadde i 2022 eit overforbruk på om lag 70 000 kr. Grunnen er misforståing kring pensjonssføring og tilbakebetaling kring dette.

Dei andre einingane har eit forbruk litt under budsjett. På nokre av einingane har vi bruk tidlegare avsette fondsmidlar for å komme inn på budsjett.

### 3 Arbeidsgjevar

#### 3.1 Årsverk

Sjå punkt 1

#### 3.2 Sjukefråvær

##### Sjukefråvær 2022

| Arbeidsstad                | Totalt fråvær | Eigenmeldt    | Legemeldt 1-16 dagar | Legemeldt 17-56 dagar | Legemeldt > 57 dagar |
|----------------------------|---------------|---------------|----------------------|-----------------------|----------------------|
| Oppvekst                   | 8,26 %        | 2,20 %        | 1,00 %               | 0,96 %                | 4,11 %               |
| <b>Fjaler kommune 2022</b> | <b>9,41 %</b> | <b>1,86 %</b> | <b>0,99 %</b>        | <b>1,26 %</b>         | <b>5,30 %</b>        |

##### Sjukefråvær 2021

| Arbeidsstad                | Totalt fråvær | Eigenmeldt    | Legemeldt 1-16 dagar | Legemeldt 17-56 dagar | Legemeldt > 57 dagar |
|----------------------------|---------------|---------------|----------------------|-----------------------|----------------------|
| Oppvekst                   | 7,46 %        | 1,16 %        | 0,51 %               | 1,05 %                | 4,74 %               |
| <b>Fjaler kommune 2021</b> | <b>7,15 %</b> | <b>1,15 %</b> | <b>0,49 %</b>        | <b>1,34 %</b>         | <b>4,17 %</b>        |

Vi har ei negativ utvikling i høve sjukefråvær frå året før. Særleg på eigenmeldt er det ein stor auke. Mange virussjukdomar etter nedstenginga trur vi er litt av grunnen. Vi er fornøgde med at legemeldt ut over 17. dagar har vore nokolunde stabilt. Sett opp mot resten av kommunen og tal for landet, så ligg vi litt under på totalt fråvær. Vi har størst fråvær i 2 av barnehagane våre, men også 2 av skulane ligg høgt.

### 4. Tenestene

Alle skulane og barnehagane har vore med på Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Eit prosjekt som har vore over 2 år, men som aldri vert avslutta, då dette kanskje er det aller viktigaste vi arbeider med for å få til trivsel og læring.

Elevundersøkinga vert gjennomført med elevar frå 5. – 10. trinn. Dette har tidlegare vore eit godt verktøy for den enkelte skule. No har det blitt mykje strengare «prikkereglar» knytt til personvern, som gjer at det for skulane våre er vanskeleg å arbeide vidare med det lokalt. På Dingemoen kan vi lese litt meir, men der og har det blitt vanskelegare å arbeide med rapportane.

Nasjonale prøver i 5. trinn viser at vi i Lesing og engelsk ligg under nasjonalt nivå. Dette har vore ein trend over fleire år. Der ynskjer vi ikkje å vere. I rekning ligg vi på nasjonalt nivå, men tidlegare har vi oftast lege over der.

På 8. og 9. trinn ligg vi på tilnærma nasjonalt nivå i alle faga, så fram til no har vi greidd å «hente oss inn».

Integreringstenesta har dette året jobba med mange store saker. Saker om familiesameining, personar med helseproblematikk, store busettingstal, finne husvære. Det har vore mykje fokus på flyktningar frå Ukraina med tanke på situasjonen vi er i per i dag. Fjaler kommune har fått anmodning om personar frå Ukraina, men også overføringsflyktningar samstundes. Det er ikkje alle kommunar som har hatt blanding av personar med kollektiv beskyttelse og overføringsflyktningar, noko som vi synast har vore utfordrande til tider med tanke på oppfølging. Vi hadde brukarundersøking i haust på vaksenopplæringa gjennom IMDi si nasjonale brukarundersøking. Her var resultata positive og dei viser at dei som vert busette i Fjaler er fornøgde med tilbodet og oppfølginga dei får her hos oss.


## 5 Kostra

### Barnehage

|                                                                        | Fjaler<br>2021 | Fjaler<br>2022 | Kostragruppe<br>05 |
|------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|--------------------|
| <b>Prioritet</b>                                                       |                |                |                    |
| Barnehage brutto driftsutgifter beløp pr innb. (kr) **)                | 11 769         | 12 298         | 12 275             |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) **) | 204 269        | 197 492        | 207 405            |
| <b>Produktivitet</b>                                                   |                |                |                    |
| Andel årsverk barne- og ungdomsfagarbeider                             | 34,5 %         | 41,3 %         | 28,5 %             |
| <b>Kvalitet</b>                                                        |                |                |                    |
| Leke og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)                        | 8,4            | 7,6            | 7,6                |
| <b>Økonomi</b>                                                         |                |                |                    |
| Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Barnehage              | 8 249          | 8 412          | 9 211              |

\*\*\*) Talla er justert for ulikt utgiftsbehov

### Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)




|                 | 2019    | 2020    | 2021    | 2022    |
|-----------------|---------|---------|---------|---------|
| Fjaler          | 175 902 | 197 023 | 204 269 | 197 492 |
| Kostragruppe 05 | 176 037 | 179 306 | 198 855 | 207 405 |

\*\*\*) Graf er justert med utgiftsbehov

Vi ligg godt under kostragruppa. Har gått ned siste året. Hovudforklaringa på dette er barnetalet og at avdelingane har vore tilnærma fulle, og så i dei minste barnehagane.


### Kvalitet - Leke og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)



|                 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|------|------|------|------|
| Fjaler          | 8,4  | 8,2  | 8,4  | 7,6  |
| Kostragruppe 05 | 8,7  | 7,5  | 7,6  | 7,6  |

På nivå med kostragruppa, medan vi tidlagare har hatt god plass. Heng saman med auka barnetal og fulle avdelingar.


### Produktivitet - Andel årsverk barne- og ungdomsfagarbeider



|                 | 2019   | 2020   | 2021   | 2022   |
|-----------------|--------|--------|--------|--------|
| Fjaler          | 28,8 % | 34,7 % | 34,5 % | 41,3 % |
| Kostragruppe 05 | 25,7 % | 26,6 % | 25,8 % | 28,5 % |


Viser at vi har stor grad av fagpersonell i barnehagane. Vi ligg langt over kostragruppa. Mange tek fagarbeidarutdanning i vaksen alder

## Prioritet - Netto driftsutgifter i prosent 202 grunnskole (B)




Vi ligg over kostragruppa i netto driftsutgifter. Lærartettleiken har auka. Nokre små klassar merkast på statistikken. Spesialundervisninga ligg og høgt. Det er sett inn mykje ressursar i tilrettelagt undervisning. Vi ser har at behovet har auka siste åra. Der ligg vi vesentleg over kostragruppa. Sjå neste grafar. Dette er tal vi må sjå på.

### Dekningsgrad - 1.-4. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)




|                 | 2019   | 2020   | 2021   | 2022   |
|-----------------|--------|--------|--------|--------|
| Fjaler          | 19,2 % | 23,0 % | 36,2 % | 27,8 % |
| Kostragruppe 05 | 17,1 % | 16,2 % | 15,6 % | 14,8 % |

### Dekningsgrad - 5.-7. trinn Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (prosent)




## Dekningsgrad - 8.-10. trinn Andel timer spesialundervisning av all lærertimer totalt (prosent)




|                 | 2019   | 2020   | 2021   | 2022   |
|-----------------|--------|--------|--------|--------|
| Fjaler          | 29,5 % | 31,5 % | 32,1 % | 22,9 % |
| Kostragruppe 05 | 23,0 % | 22,9 % | 23,0 % | 22,7 % |

## Kvalitet - Lærertetthet 1.-4. trinn




|                 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|------|------|------|------|
| Fjaler          | 11,8 | 7,9  | 7,2  | 9,8  |
| Kostragruppe 05 | 11,8 | 7,9  | 7,2  | 9,8  |

## Kvalitet - Lærertetthet 5.-7. trinn




|                 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|------|------|------|------|
| Fjaler          | 15,0 | 9,2  | 8,6  | 14,4 |
| Kostragruppe 05 |      |      |      |      |

## Kvalitet - Lærertetthet 8.-10. trinn




|                 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|------|------|------|------|
| Fjaler          | 14,4 | 9,8  | 9,1  | 16,2 |
| Kostragruppe 05 |      |      |      |      |

#### ▲ Andre nøkkeltal - Andel lærere som er 40 år og yngre



|                 | 2019   | 2020   | 2021   | 2022   |
|-----------------|--------|--------|--------|--------|
| Fjaler          | 55,7 % | 56,3 % | 53,3 % | 51,6 % |
| Kostragruppe 05 | 40,2 % | 41,4 % | 42,1 % | 41,4 % |

#### Andre nøkkeltal - Andel lærere som er 60 år og eldre



|                 | 2019   | 2020   | 2021   | 2022   |
|-----------------|--------|--------|--------|--------|
| Fjaler          | 6,6 %  | 10,9 % | 6,7 %  | 9,4 %  |
| Kostragruppe 05 | 12,0 % | 10,9 % | 10,6 % | 11,2 % |

Når det gjeld alderssammansetjing, så er det enno positive tal. Vi har forholdsvis mange lærarar under 40, og ikkje så mange over 60 år. Det vil ikkje bli så mange som går av med pensjon dei næraste åra.

## 7 Utfordringar framover

**Kulturskulen** sel tjenester til kostpris til Askvoll kommune (ca 75%), Eikelund (ca 15%), Fjaler sjukeheim (ca 15%), Våge skule (ca 20%) og Hyllestad skule (ca 40%).

Kulturskulen tilbyr dirigent i to skulekorps og 4 kor i Hyllestad og Fjaler. Eit av desse kora er eit gratistilbod for 2.klasse i SFO-tid. Vi har også ansvar for UKM- ung kultur møtes.

I 2022 har kulturskulen i tillegg hatt eit teatersamarbeid med Dale Ungdomslag og Jakob S ande-Senteret. Her har kulturskulen hyra inn regissør Torkil Sandsund i om lag 20% stilling.

Kulturskulen er eit viktig ressurscenter i kommunen og stiller med både innslag og teknisk utstyr på ulike kommunale arrangement. Kulturskulen er også samarbeidspart for andre relevante kulturskaparar i vårt område.

### **PPT**

- Aukande tilviste saker som er større og meir komplekse
- Auka tal systemsakar til dømes klasseleiing, større åtferdsutfordringar i barnehagar og skule
- PPT skal overta fleire oppgåver som Statped har innan 2025. Statped vil etter den tid kun yte tenester på spesifikke områder og der det er behov for spisskompetanse. Dette inneber at kommunane har nødvendig kompetanse i barnehagar, skular, PPT, skulehelsetenesta m.m.

### **Våge skule og barnehage**

For Våge skule og barnehage har 2022 vore prega av å ta opp att tradisjonar ein måtte legge på is under koronarestriksjonar.

På skulen har vi hatt mange felles arrangement for elevane på tvers av 1.-10. trinn; som leseveke, skidag, påskelunsj, idrettsdag, friluftsseke og eit omfattande program rundt julefeiring i desember. Den nye klatreparken har vore svært mykje brukt, og elevane har hatt mykje undervisning utandørs.

I barnehagen har vi hatt felles påskelunsj, 17.-mai feiring, sommeravslutning og julebord.

Frå 1. august vart barnehagen og skulen felles eining, og vi har lagt vekt på legge til rette for at både barn og vaksne skulle bli betre kjende. Vi jobbar for gode overgangar, og har tru på at nærleiken mellom barnehage og skule gjer overgangane tryggare. Barna i skulen og barnehagen har møtt kvarandre mellom anna gjennom kunstutstilling, høgtlesing, Luciatog og julebakst.

Foreldra viste stort engasjement under dugnad og idrettsdag, og vi har samla både barnehagen og skulen til felles juletreffest. Våge grendelag har gjennom spleiselag med andre lokale lag og organisasjonar fått til ei ordning med skulefrukt tre gonger i veka. Vi er svært takksame for dette initiativet.

Barnehagen står framleis fram som ny, men det vert arbeida med å få på plass avtalar på vedlikehald. På skulen verkar det no som vi endeleg har fått kontroll på ei langvarig utfordring med kloakkluft.

Det har vore mykje sjukefråvær heile året, både i skulen og barnehagen, og i periodar har det vore vanskeleg å rekruttere vikarar både ved dagsfråvær og for lengre periodar.

### **Dingemoen skule**

Det har gått mykje tid til arbeid med MTM (medarbeidarundersøking) og ROS-analyse etter tilsynet frå arbeidstilsynet. I tillegg jobbar vi med å utarbeide gode fagplanar i alle fag for å sikre god og kontinuerleg opplæring frå 1. – 10. klasse. Resultatet på dei nasjonale prøvene fortel oss at vi må sjå på korleis vi driv med leseopplæring, då resultatet over fleire år har vore svakare enn vi skulle ynskje. Det er eit arbeid som inngår i arbeidet med gode fagplanar. Likeins resultat på engelsk. Vi har fått

auka kompetanse gjennom dei siste åra, og vi kjøpte nye lærebøker oppdatert etter LK20. Det vil naturlegvis gå nokre år før vi ser resultatet av dette, men vi har tru på at det vil ha ein viss effekt. På elevundersøkinga scorar vi jamt over både Vestland og landssnitt på dei fleste parameter «Prikkreglane» på elevundersøkinga gjer til at statistikken på mobbing gir oss lite og ingenting, men det er likevel ein indikator på at det føregår i veldig liten grad. Skulemiljø er noko vi har eit særskilt fokus på og vi jobbar kontinuerleg med nullvisjonen på alle klassesteg. Vi nyttar opplegget «Ingen utanfor» frå Redd barna i dette arbeidet

### **Flekk skule og barnehage**

I Flekke skule- og barnehage vart 2022 prega av plassmangel grunna auka barnetal og gammalt bygg. Situasjonen har vore svært krevjande, særleg i periodar med mykje dårleg vêr. Dette vert ei stor utfordring både i barnehage- og skuledelen framover.

Vi har godt samarbeid med grendelaget, og fekk støtte frå dei til å kjøpe nytt dissesativ på skulen. Dette var ei kjærkomen oppgradering på alle måtar. Vi hadde også ein vellukka foreldredugnad, der vi fekk friska oppatt maling og gjort småreparasjonar på uteområdet. Bruk av løyvingane til uteområde for barnehagen og skulen er sett på vent til det er avklart kva som skjer med bygget. I etterkant av koronatiltaka har vi teke oppatt samarbeidet mellom barnehagen og skulen både innandørs og ute, til stor glede for både barn, foreldre og tilsette. Vi arbeider mykje med overgangar, og med inkluderande barnehage- og skulemiljø, og samarbeid er ein viktig nøkkel her. Det er vanskeleg å rekruttere vikarar både ved dagsfråvær og for lengre periodar.

### **Yksnebjør barnehage**

Vi har streva med å ha nok personale gjennom heile året. Dels grunna høgt sjukefråvær. Dette får naturleg nok litt ut over kvaliteten på det pedagogiske opplegget, trass i at vi gjer alt vi kan for å få inn vikarar, og at vi har gode vikarar. Vi merkar og no at det er vanskeleg å rekruttere pedagogisk personale, der har vi vore mykje skåna tidlegare. Dette siste er kanskje den største utfordringa framover. Greier vi å setje inn ekstra styrke tidleg på barn som treng noko ekstra, så vil det kunne vere ei god investering for seinare.

### **Integreringstenesta**

Utfordringane vi ser framover er mellom anna usikkerheit med oppstart av barn i skule. Barna skal ha oppstart mellom 1 (overføringsflyktn.) til 3 (Ukraina-flyktn.) månadar etter busetting. Det kan vere vanskeleg å nå dette. Tidleg skulestart gjer det enklare for arbeidet vårt og gir ein god start for barn og føresette. Dette kan vere barn med lite tidlegare skulegang og for skulane kan det vere krevjande å ta i mot, særleg inne i skuleåret. Litt det same ser vi i barnehage. Barna vil i starten ha behov for ekstra oppfølging og støtte. Midt inne i eit barnehageår er det utfordrande å få tilsett personale. Vi treng fleire eigna husvære i kommunen som vi kan busette flyktningar i. I tillegg har husleigeprisane auka, og det gjer det vanskeleg i høve økonomi. Ein stor del av inntektene dei har går då til husleige og straum.

Andre utfordringar er at vi er same tal tilsette no, som før Ukraina-krigen. Dette med ein auke på ca 30 flyktningar i 2022. Busetjing er krevjande m.o.t. tid, oppfølging og ressursar, kanskje mest i høve det administrative som skal gjerast. Målet er å få alle tidlegast mogleg ut i utdanning eller arbeid. God oppfølging gjer at det målet vil vere lettare å nå.

## 5.2 Helse og omsorg

### 1 Om sektoren

Helse og omsorg er delt inn i sju einingar: Tenestekontor/fellesteneste, heimetenester, sjukeheim, miljøteneste, helsetenester, HAFS barnevern-teneste og NAV. I tillegg ligg utgifter til kjøp av VTA plasser hos Vevang dagsenter. Vi har og interkommunal legevakt og krisesenter.

Alle leiarane rapporterer til kommunalsjef helse og omsorg.

### 2 Økonomi

|           | 2021    | 2022    |
|-----------|---------|---------|
| Rekneskap | 114 532 | 115 381 |
| Budsjett  | 113 432 | 116 591 |
| Avvik     | 1 109   | -1 211  |

Tal frå rekneskapen viser eit underforbruk på 1 211 000 kroner, dette er 1,04 % avvik.

Einingane har hatt stort fokus på økonomistyring gjennom heile året og leiarane har teke eit stor ansvar for å redusere utgiftene.

På nokon kontoar er det overforbruk (løn til legar, vaksiner, oppretting av kontor til tilsynslege, auka omsorgsstønad, m.m).

Særleg sjukeheimen har underforbruk grunna mindre tal pasientar enn forventa, og dei har tilpassa bemanninga etter behovet.

Fleire einingar har delt på ressursar og dette fører til reduserte utgifter.

### 3 Arbeidsgjevar

#### 3.1 Årsverk

| Eining             | Årsverk                                               |                                                              |
|--------------------|-------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------|
|                    | 2022                                                  | 2021                                                         |
| Fellesteneste      | 16 årsverk                                            | 20,50 årsverk                                                |
| Heimeteneste       | 19,71 årsverk                                         | 20,8 årsverk                                                 |
| Sjukeheim          | 39,91 årsverk                                         | 39,91 årsverk                                                |
| Miljøteneste       | 26,9 årsverk                                          | 26,1 årsverk                                                 |
| Helseteneste       |                                                       |                                                              |
| Psykisk helse      | 4,75 årsverk                                          | 4,75 årsverk                                                 |
| Helsestasjon       | 3,3 årsverk                                           | 3,3 årsverk                                                  |
| Legekontor         | 5 årsverk                                             | 5 årsverk                                                    |
| Fysio – ergoterapi | 5 årsverk                                             | 5 årsverk                                                    |
| Barnevernteneste   | 9 årsverk                                             | 8,5 årsverk                                                  |
| NAV Fjaler         | 3 kommunale årsverk. 2 faste stillingar, 1 sjukevikar | 3 kommunale årsverk. 2 faste stillingar, 1 midlertidig/vikar |

Alderssamansetninga er høg, særleg blant helsefagarbeidarar. Det er eit pågåande arbeid med kompetanse- og rekrutteringsplan for helse- og omsorg. Det vert også jobba med kompetansepakkar i KS læring for å sikre kvalitet i opplæringa til nytilsette, og ein har også stort fokus på kvalitetsarbeid gjennom rutinar og prosedyrar.

Fellestenestene har reduksjon i årsverk grunna at vi har delt på leiarressursar dette året, samt at eit BPA er overført til miljøtenesta.

Miljøtenesta har auke i årsverk grunna at brukarar frå både heimeteneste og fellestenesta er overført der.

Heimetenesta har reduksjon grunna overføring av brukar til miljøtenesta.


HAFS Barnevernstenesta har ei auke på 0,5 årsverk då dette var naudsynt for å behalde tilsette og redusere sjukefråværet.

### 3.2 Sjukefråvær


|                             | Totalt sjukefråvær | Eigenmeldt    | Legemeldt 0-16 dagar | Sum korttidsfråvær 0-16 dagar | Langtidsfråvær >16 dagar |
|-----------------------------|--------------------|---------------|----------------------|-------------------------------|--------------------------|
| Helse og omsorg 2020        | 7,03 %             | 1,45 %        | 0,66 %               | 2,11 %                        | 5,13 %                   |
| Helse og omsorg 2021        | 7,06 %             | 1,22 %        | 0,51 %               | 1,73 %                        | 5,34 %                   |
| Fjaler kommune 2021         | 7,15 %             | 1,15 %        | 0,49 %               | 1,64 %                        | 5,51 %                   |
| <b>Helse og omsorg 2022</b> | <b>11,71%</b>      | <b>1,81 %</b> | <b>0,98 %</b>        | <b>2,79 %</b>                 | <b>8,92 %</b>            |
| Fjaler kommune 2022         | 9,41 %             | 1,86 %        | 0,99 %               | 2,85 %                        | 6,56 %                   |

Sjukefråværet for helse og omsorg har ei stor auke samanlikna med fjoråret. Særskilt langtidsfråværet har auka. Einingane har kartlagt årsak til sjukefråvær. Dette er ulikt frå eining til eining. Hovudinntrykket er at korona pandemien har ført til at mange tilsette er meir slitne enn før pandemien.

#### Sjukefråvær 2022 sett opp mot sjukefråvær 2021 for helse og omsorg:



### Sjukefråvær helse og omsorg samanlikna med sjukefråvær Fjaler kommune:



### 3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Einingane i helse og omsorg jobbar med oppfølging av medarbeidarundersøkinga 10-faktor. Dei ulike tenestene har valt innsatsområde ut frå kva dei meiner er viktigast å jobbe med på tenestestaden. Døme på valde faktorar er meistringsorientert leiing, autonomi, rolleklarheit og fleksibilitetsvilje. Arbeidet med 10-faktor skal danne grunnlag for utvikling på tre nivå:

- Leiarutvikling
- Medarbeidarutvikling
- Organisasjonsutvikling

Så langt i arbeidet kan ein sjå at involvering og refleksjon skapar bevisstheit kring eiga rolle og ansvar, og har positiv innverknad på utviklings- og endringsarbeid. Det skapast sterkare fellesskap når det vert jobba med ulike tema og forbetningsområde. Det gir og ein gevinst i høve sterkare tverrfagleg samhandling og forståing for felles utfordringar.

## 4. Tenestene

### Viktige tiltak som er gjennomført i tenestene 2022:

| Helse og omsorg                        |                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
|----------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Arbeid med reforma Leve heile livet    | Folkemøte i oktober 2022 var oppstart på høyringsprosess i høve handlingsplan for reforma Leve Heile Livet. Det vart motteke høyringsinnspel og det vart jobba med ferdigstilling av handlingsplanen. Helse og omsorg deltek i arbeidsgruppe Aldersvenlege lokalsamfunn.                    |
| Økoråd                                 | NAV Fjaler har tatt i bruk fagprogrammet Økoråd for økonomisk rettleiing, arbeid med gjeldsproblematikk for å profesjonalisere tenesta og effektivisere arbeidet.                                                                                                                           |
| Responscenterløysing-velferdsteknologi | I 2022 har vi vidareført arbeidet med ny responscenterløysing, og har m.a. teke i bruk ny teknologi i form av mobil tryggleiksalarm/GPS. Vi har også teke i bruk ny portal for medikamentbestilling, og har starta med multidoselevering, som er første steg for å ta i bruk ny elektronisk |

|                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|-------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                       | medisindispenser. Det er kjøpt inn spelteknologi til fysisk og kognitiv trening i avlastning og rehabilitering. Vi har gjenoppteke arbeidet i ressursgruppe for VFT og vi har 6 deltakrar på velferdsteknologiens ABC, noko som bidreg til auka kunnskap på tvers av einingane. Vi er med i nettverk gjennom e-helse Vestland og KS kommunenettverk for innføring av velferdsteknologi og digital heimeoppfølging.                                      |
| Velferdsteknologi til barn og unge                    | Fjaler er ein av fleire spydspisskommunar i e-helse Vestland sitt program for Velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med medfødde eller tidleg erverva funksjonsnedsetting. Programmet er ein del av Nasjonalt velferdsteknologiprogram NVP, med varigheit ut 2024.                                                                                                                                                                                 |
| Kompetanseheving                                      | Miljøtenesta har samarbeida tett med vaksenhabiliteringa i spesialisthelsetenesta for kompetanseheving innan bruk av tvang og makt, miljøarbeid og aldring hjå personar med utviklingshemming.<br><br>Komprimert:<br>Held fram med totalt 4 ordinære lærlingar innan helsearbeidarfaget. Framhald av utdanning av assistentar til helsefagarbeidarar. Utdanning via Aldring og helse eller som privatist (tils 4).<br>Ulike typar ABC-kompetanseheving. |
| Rehabilitering og habilitering                        | I helsestrategiplanen er rehabilitering og habilitering nokre av dei viktigaste prioriteringsområda for at innbyggjarane skal få bu heime lengst mogleg.                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| Oppvekstreforma – førebyggjande plan for barn og unge | Det har vore mykje fokus på oppvekstreforma som tredde i kraft i 2022. I korte trekk skal denne reforma bidra til at kommunane får meir ansvar (økonomisk og fagleg) for barnevern, tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats for barn og unge. Tett samarbeid i HAFS- kommunane og lage ein plan for å innføre reforma. Denne planen skal handsamast politisk.                                                                                           |
| Nettverk på tvers av kommunegrense                    | Kommunalsjef nettverk,<br>Samhandling innan dei ulike NAV kontora,<br>HAFS barnevern.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| Samhandling mellom kommunen og spesialisthelsetenesta | Tenestesamhandling mellom Helse Førde og NAV-region Sunnfjord. Arbeid med helsefellesskap, gode pasientforløp og evaluering av samhandlingsavtaler.                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| Handlingsplan for sjølvmoordsførebyggjande arbeid     | Kommunen har gjennomført vedtekne tiltak og fått auka kompetansen hjå fleire tilsette.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| Multidose                                             | Gjennomført planarbeid for multidose hausten 2022, første levering januar 2023 på delar av heimetenesta sine brukara.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |

**Heimetenesta:**

|                     | 2022                     | 2021                     |
|---------------------|--------------------------|--------------------------|
| Helsehjelp i heimen | 150 brukara              | 143 brukara              |
| Praktisk bistand    | 60 brukara               | 59 brukarar              |
| Dagopphald          | 22                       | 19                       |
| Omsorgsbustader     | 21 bustadar, alle i bruk | 21 bustader, alle i bruk |
| Dosetter            | 80                       | 81                       |

Heimetenesta har auka i tal brukarar med helsehjelp i heimen, dette i tråd med helsestrategiplanen. Brukarane som bur heime treng tettare oppfølging grunna sjukdom/funksjonsnedsetting.

Vi har hatt fokus på korttidsopphald/rehabiliteringsopphald på sjukeheimen, dette med godt resultat, brukarane klarer seg lengre heime.

**Sjukeheim:**

|                                            | Fjaler 2022 | Fjaler 2021 | Kostra 2022 | Landet utan Oslo 2022 |
|--------------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-----------------------|
| Brutto driftsutgifter per sjukeheims plass | 995 683     | 1 092 077   | 1 335 963   | 1 532 487             |

Fjaler kommune har redusert driftsutgiftene mykje frå førre år, dette er grunna redusert tal pasientar og bemanning. Samanlikna med både kostragruppa og landet har vi svært låge kostnader pr sjukeheims plass.

Fjaler sjukeheim har 35 pasientrom, og i tillegg 5 rehabiliteringshyblar.

| Dekningsgrad                                      | 2021 (36 rom)                                           | 2020 ( 36 rom)                                          | 2019 (39 rom)                                           | 2022 (35rom)                                           |
|---------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------|
| Dekningsgrad totalt på institusjon                | 89,66 %                                                 | 95,8 %                                                  | 92,6 %                                                  | 80,4%                                                  |
| Dekningsgrad totalt på institusjon + rehab.hybler | 84,70 %                                                 | 85,3%                                                   | 79,8%                                                   | 80,9 %                                                 |
| Avlastningsdøgn                                   |                                                         |                                                         |                                                         | 562 døgn                                               |
| Korttidsopphald                                   | 50 opphald<br>(Av desse var 30 rehabiliterings-opphald) | 33 opphald<br>(Av desse var 27 rehabiliterings-opphald) | 65 opphald<br>(Av desse var 53 rehabiliterings-opphald) | 96 opphald<br>(av desse var 68 rehabiliteringsopphald) |
| Fast opphald                                      | 21 brukarar                                             | 21 brukarar                                             | 21 brukarar                                             | 29 brukarar                                            |
| Venteliste fast opphald                           | Under 5 brukarar                                        | 10 brukarar                                             | 11 brukarar                                             | 1 brukar                                               |
| Overliggedøgn i spesialisthelsetenesta            | 1 døgn                                                  | 0 døgn                                                  | 0 døgn                                                  | 0 døgn                                                 |
| Kjøp av institusjons plass i andre kommunar       | 0%                                                      | 0 %                                                     | 0 %                                                     | 0%                                                     |
| Andel innbyggjarar 80 år og over som er           | Fjaler: 10,4%<br>Landet u/Oslo 10,8%                    | Fjaler: 15,2%<br>Vestland : 12,2%                       |                                                         | Fjaler: 10,9%<br>Kostragruppe 05: 11,8%                |

|                       |                 |                       |  |                 |
|-----------------------|-----------------|-----------------------|--|-----------------|
| bebuarar på Sjukeheim |                 | Landet u/Oslo : 11,2% |  |                 |
| Middagsombering       | 42 innbyggjarar | 35 innbyggjarar       |  | 55 innbyggjarar |

Dekningsgrad på sjukeheimen er 80,4 %

#### Miljøteneste:

|                                                                     | Kommentar                               | 2022                  | 2021                                | 2020                                  | 2019                  |
|---------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|-----------------------|-------------------------------------|---------------------------------------|-----------------------|
|                                                                     | Inkl. barn/unge                         | 48 brukarar           | 45 brukarar                         | 41 brukarar                           | 33 brukarar           |
| Omsorgsbustad                                                       | 8 husvære i bufellesskap                | 15 kommunale bustadar | 15 kommunale bustader               | 15 kommunale bustader                 | 15 kommunale bustader |
| Barn og unge                                                        |                                         | 20 personar           | 17 personar                         | 13 personar                           |                       |
| Støttekontakt                                                       |                                         | 5 personar            | 7 personar har innvilga støttekont. | 7 personar har innvilga støttekontakt |                       |
| Avlastingsdøgn                                                      |                                         | 239                   | 201                                 | 270 døgn                              |                       |
| Avlasting ettermiddag/kveld                                         |                                         | 830 timar             | 778 timar                           |                                       |                       |
| Dagsenter Vevang                                                    | Mange har redusert tilbod grunna alder  | 11 personar           | 11 personar                         | 11 personar                           | 12 personar           |
| Tilsyn alle vakne timar av ein eller to tenesteytarar inkludert BPA |                                         | 8 personar            | 8 personar                          | 8 personar                            |                       |
| VTa, arbeidstilbod Vevang produksjon                                | Fleire har redusert tilbod grunna alder | 13                    | 13                                  | 12 personar har arbeidstilbod der     |                       |

Auke i tal brukarar. Auka behov både når det gjeld somatikk og miljøarbeid. Auke i tenester barn/unge grunna nye brukarar og endra behov hos eksisterande brukarar.

#### Helseteneste:

| Psykisk helse                                   | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------------------------------------------|------|------|------|
| Tal innbyggjarar med tenester frå psykisk helse | 33   | 32   | 39   |

Tal innbyggjarar med tenester frå psykisk helse har auka.

| Helsestasjon | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--------------|------|------|------|------|
| Tal fødsjar  | 25   | 22   | 28   | 27   |

Tal fødsjar er stabil.

| FysioErgo-tenesta                                                                                                 | 2020      | 2021 | 2022 | 2020      | 2021 | 2022 | 2020      | 2021 | 2022 |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|------|------|-----------|------|------|-----------|------|------|
|                                                                                                                   | 1.tertial |      |      | 2 tertial |      |      | 3.tertial |      |      |
| Tal brukarar med individuell fysio-og frisklivsoppfølging.                                                        | 118(8)    | 146  | 165  | 172(8)    | 209  | 204  | 243       | 268  | 289  |
| Tal konsultasjonar v. kurativ fysioterapi, friskliv, re- og habilitering, heimebehandling/kvar-dagsrehabilitering | 738       | 1283 | 1253 | 1548      | 2408 | 2167 | 2731      | 3615 | 3120 |
| Tal tilviste hjelpemiddelsaker                                                                                    | 31        | 45   | 2    | 79        | 90   | 56   | 115       | 129  | 102  |

Tal brukarar med individuell fysio-og frisklivsoppfølging er auka, medan tal konsultasjonar v. kurativ fysioterapi, friskliv, re- og habilitering, heimebehandling/kvar-dagsrehabilitering er redusert.

#### Barneverntenesta:

|                                                                   | Fjaler 2021   | Fjaler 2022   | Vestland 2022 | Landet utan Oslo 2022 |
|-------------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|-----------------------|
| Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år | 6 825kr       | 7005 kr       | 11 134 kr     | 11 629 kr             |
| Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år                        | 3,2 %         | 3,0 %         | 3,3 %         | 3,9 %                 |
| Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år       | 4,0 %         | 3,6 %         | 3,3 %         | 3,8 %                 |
| Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244)      | 19,6 personar | 19,3 personar | 13,8 personar | 13,9 personar         |
| Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månadar                  | 100 %         | 96 %          | 93 %          | 92 %                  |

Barneverntenesta i HAFS har betydeleg lågare driftsutgifter pr. innbyggjar. Tal saker pr. sakshandsamar er framleis noko høgare enn snittet for landet. Tal meldingar har gått litt ned dette året som gjer at vi ligg noko lågare enn landet.

Barnevernet ser at sakene ein får vert meir komplekse. Dette er resurskrevjande. I tillegg ser ein at me ligg høgare på å opne undersøking enn snittet for landet.

#### NAV:

| NAV Fjaler – indikatorar                   | 2019 | 2020 | 2021 | 2022      |
|--------------------------------------------|------|------|------|-----------|
| Tal søkjarar til sosialhjelp               | 55   | 43   | 40   | <b>47</b> |
| - familiemedlemmer er ikkje medrekna       |      |      |      |           |
| Mottakarar av sosialhjelp utover 6 månader | 16   | 8    | 4    | <b>4</b>  |

|                                                                                              |    |    |    |           |
|----------------------------------------------------------------------------------------------|----|----|----|-----------|
| - også mottakarar av supplerande stønad                                                      |    |    |    |           |
| Mottakar av økonomisk sosialhjelp 18 – 24 år                                                 | 3  | 3  | 0  | <b>2</b>  |
| Barn i familiar med økonomisk sosialhjelp                                                    | 24 | 25 | 32 | <b>29</b> |
| Kvalifiseringsprogrammet (KVP) – tal deltakarar<br>- måltal 3,1 frå Statsforvalteren         | 1  | 1  | 4  | <b>2</b>  |
| Nye vedtak økonomisk rettleiing/gjeldsproblem<br>- § 17 vedtak Lov om sosiale tenester i NAV | 14 | 14 | 6  | <b>6</b>  |

Det er ein auke i tal søkjarar til økonomisk sosialhjelp. Fleire slit økonomisk over tid og har i tillegg behov for økonomisk rettleiing. Den økonomiske endringa i samfunnet treff også Fjaler.

## 6 Andre nøkkeltal

|                                 | 2022         | 2021         |
|---------------------------------|--------------|--------------|
| Krisesenter totale kostnader    | Kr 322 000   | Kr 334 854   |
| Kommunal akutt døgneining (KAD) | Kr 1 296 000 | Kr 1 887 000 |

Kommunal akutt døgnseng i Førde: Lovpålagt døgnteneste som alle kommunar må tilby, jf. HOL § 3-5 tredje ledd. Teneste for pasientar som treng observasjon og behandling, men ikkje spesialisert behandling i sjukehus. Vi samarbeider med fleire kommunar og vi har totalt 8 plassar saman. Fjaler brukar desse plassane svært lite.

## 7 Utfordringar framover

|                                                         |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
|---------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Rekruttering                                            | <p>Vi har ledig to stillingar for legar og ledig 50 % stilling psykolog.</p> <p>Barnevernstenesta har vanskar med å rekruttere sosialfagleg kompetanse.</p> <p>Vi vil få stort behov for helsefagarbeidarar framover grunna høg alder på mange tilsette i fleire einingar. Utfordringar i høve rekruttering av sjukepleiarar og vernepleiarar.</p> |
| Kompetanse                                              | <p>Mange einingar innan helse og omsorg må arbeide aktivt for å auke kompetansen i tenestene.</p> <p>I barnevernstenesta vil det frå 2031 vere krav om master eller 4 års erfaring med tilleggsutdanning. Dette vil krevje ekstra innsats då det framover vil til ei kvar tid vere nokon under utdanning.</p>                                      |
| Arealutfordringar- lokale for helsetenester             | Jobbar med forprosjekt for omsorgsbustader og leige lokale i gamle bankbygget for legekontor, psykisk helse og helsestasjon.                                                                                                                                                                                                                       |
| Auka behov for økonomisk sosialhjelp og gjeldsrådgiving | Auke i lånerente, prisvekst og dyrtid - fleire har utfordringar med å få eiga inntekt til å strekke til. Fleire søknader om økonomisk sosialhjelp                                                                                                                                                                                                  |

|                             |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|-----------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                             | også frå barnefamiliar. Behovet for økonomisk rettleiing og tal gjeldssaker vil auke i tida framover.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Demensomsorg                | Satsingsområde i fleire einingar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| Habilitering/rehabilitering | Satsingsområde i fleire einingar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| Oppvekstreform              | Viktig å få på plass gode system for tverrfagleg innsats på tidleg stadium. Viktig med kjennskap og eigarskap til reforma i alle einingar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| Leve heile livet reform     | Frivilligheit og bustadar er eit område som kan by på utfordringar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| Utvikling av heimetenestene | <p>Heimetenesta vil auke i tida framover. Det vil bli fleire heimebuande som treng tettare oppfølging. Dette fører til behov for fleire tilsette med rett kompetanse, samt tettare samarbeid med sjukeheim ang rehabiliteringsopphald.</p> <p>Heimetenesta sine lokalar er ok slik dei er pr i dag, men på sikt burde heimetenesta vore plassert nærmare sjukeheimen sine lokale. Dette hadde ført til tettare samarbeid med sjukeheimen, innsparing på bilar (kan då gå til omsorgsbustad) og nytta kompetansen meir på tvers.</p> |

## 5.3 Tekniske tenester

### 1 Om Sektoren

Teknisk kontor består av teknisk kontor, reinhaldssentralen, driftssentralen og brannvesenet.

### 2 Økonomi

|           | 2021   | 2022   |
|-----------|--------|--------|
| Rekneskap | 19 781 | 22 361 |
| Budsjett  | 18 973 | 20 427 |
| Avvik     | 808    | 1 934  |

Teknisk har eit samla meirforbruk på 1 934 000 (9,46%) som fordeler seg slik

|                 |           |
|-----------------|-----------|
| Teknisk kontor  | 524 000   |
| Reinhald        | 80 551    |
| Teknisk drift   | 1 090 325 |
| Sjølvkostområda | 238 295   |

For teknisk kontor er meirforbruket grunna høgare lønsutgifter enn budsjettert og auka kostnad med lisensar innan både byggesak, plan og brann.

Reinhald har mindreforbruk på mange av tenestekområda og eit større meirforbruk innan skule som samla gjev eit lite meirforbruk.

Teknisk drift sitt meirforbruk skuldast høge kostnader til:

- nødvendig vedlikehald av kommunale bygg fordelt på dei ulike formålsbygga
- høge kostnader til reparasjon av veglys.
- Vintervedlikehald og høge kostnader med strøing og strøsand i desember.
- Mindre leigeinntekt for beredskapshuset enn budsjettert

Sjølvkostområde har eit meirforbruk for avløp som følgje av kostnader til reparasjon av leidningsnett og høgare avsetning til fond enn budsjettert.

## 3 Arbeidsgjevar

### 3.1 Årsverk

Teknisk kontor: 8 tilsette

Driftssentralen: 5 tilsette

Reinhaldssentralen: 10 tilsette fordelt på 8,7 årsverk.+ tilkallingsvikarar

Brannvesenet: Deltid. Brannsjef ligg under teknisk kontor.

Dialog med Sunnfjord kommune om samarbeidsavtale innan brann og redning.

Teknisk hadde 2 tilsette over 60 år i 2022.

Fagleg utdanna reinhaldspersonell har vore ei utfordring og det vart difor gjennomført reinhaldskurs i 2021 der 3 fullførte fagprøven i 2022.

Rekruttering av reinhaldarar, spesielt vikarar, samt sommarvikarar til driftssentralen har vore utfordrande dei siste åra. Det er og få kvalifiserte søkjarar til ingeniørstillingar på kontoret.

### 3.2 Sjukefråver

2022:

|                     | Totalt sjukefråvær | Eigenmeldt 1-8 dagar | Legemeldt 1-16 dagar | Legemeldt >16 dagar | Legemeldt > 56 dagar |
|---------------------|--------------------|----------------------|----------------------|---------------------|----------------------|
| Teknisk 2019        | 4,76               | 1,1                  | 0,84                 | 2,82                |                      |
| Teknisk 2020        | 9,82               | 1,08                 | 0,48                 | 8,26                |                      |
| Teknisk 2021        | 8,39               | <b>1,17</b>          | <b>0,51</b>          | <b>6,71</b>         | 4,43                 |
| <b>Teknisk 2022</b> | <b>6,88</b>        | <b>1,86</b>          | <b>1,30</b>          | <b>5,30</b>         | <b>3,74</b>          |
| <b>Fjaler 2022</b>  | <b>9,41</b>        | <b>1,86</b>          | <b>0,99</b>          | <b>5,51</b>         | <b>5,30</b>          |

Samla sjukefråvær for teknisk har gått ned samanlikna med 2020 og 2021, og ligg no godt under snittet for Fjaler. Kortidsfråværet har auka, medan det legemeldte langtidsfråværet har gått ned og ligg under snittet i kommunen. Årsaka til auka korttidsfråvær er truleg ein periode med mykje virussjukdommar. Fråværet er høgst innanfor reinhald.

### 3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Gjennomført undersøking i 2020, med varierende svarprosent i einingane. Det tok lang tid før resultatene var klare og presentert. Oppfølginga er av ulike grunnar ikkje følgt opp godt nok og arbeidet forstetter i 2022 med fokus på på tema som utvikling, rolleklarheit og eit godt arbeidsmiljø.


Det er planlagt ny undersøking i 2024.

## 4. Tenestene

Dei største prosjekta og planarbeid i 2022:

- Ferdigstilling av beredskapshuset.
- Utbygging av breiband
- Ombygging Samvirke
- Prosjektering og detaljregulering av ny gravplass på Øyra
- Kommuneplanen sin arealdel – oppfølging etter 3 gong høyring
- Detaljregulering bustadområde på Bjerga
- Kompetanseheving reinhald med 3 gjennomførte fagbrev
- Ny heimeside


## 5 Kostra



### Straumforbruk kommunale formålsbygg

|                        | 2017      | 2018      | 2019      | 2020      | 2021      | 2022      |
|------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Samla årsforbruk i kWt | 3 139 303 | 3 019 876 | 3 017 885 | 2 960 198 | 2 891 479 | 3 017 373 |

### 6 Andre nøkkeltal



### 7 Utfordringar framover

Ei gjentakande utfordringar er drift og vedlikehald av kommunale bygningar og vegar. Det har vore lite ressursar innan teknisk dei siste åra til å følgje opp denne forvaltninga. Budsjettramma er auka, men det er eit stort etterslep på vedlikehald og mange bygg har behov for større rehabilitering. Høge kostnader til vintervedlikehald gjev mindre til sommarvedlikehald.

Teknisk sitt saks- og ansvarsområde blir stadig større med nye oppgåver samt fleire og strengare krav til oppfølging og utredningar. Det er mange omfattande enkeltsaker som tek mykje tid og er krevjande å følgje opp. Det er og ressurskrevjande å følgje opp alle prosjekt og saker på ein god måte og innafor ei rimeleg sakshand

## 5.4 Fellestenester og landbruk

### 1 Om Sektoren

I denne sektoren ligg fellestenester for kommunedirektøren og utgifter til interkommunalt landbrukskontor.

Ansvar 100 – kommunedirektøren består av administrativ leiing, økonomikontor, personal og organisasjon, tillitsvalde, folkehelsekoordinator, sekretariat for regionrådet og politisk leiing. I tillegg ligg overføring av tilskot til kyrkja og kjøp av fellestenester knytt til ikt, juridisk bistand, revisjon og sekretariat tenester knytt til kontrollutvalet.

Landbruk er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Askvoll (40%), Fjaler (40%) og Hyllestad (20%) der Askvoll er vertskommune.

### 2 Økonomi

|           | 2021  | 2022   |
|-----------|-------|--------|
| Rekneskap | 8 611 | 7 684  |
| Budsjett  | 9 943 | 10 062 |
| Avvik     | -1332 | -2 378 |

Ansvar 100 kommunedirektør hadde samla sett eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2,473 mill.

Årsaka til mindreforbruket skuldast i hovudsak avrekning av pensjonsutgiftene til kommunen. Desse blir ført samla på ansvaret. Ser ein vekk frå dette var det eit meirforbruk på den ordinære drifta på ansvaret med kr 0,38 mill.

Landbruksforvaltninga hadde eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 0,1 mill.

### 3 Arbeidsgjevar

#### 3.1 Årsverk

Under ansvar 100 er der 11,33 årsverk fordelt på 13 tilsette.

Landbrukskontoret har 5 stillingsheimlar fordelt på samarbeidskommunane

#### 3.2 Sjukefråvær

| Arbeidsstad    | Tot fråvær | Eigenmeldt | Legemeldt 0-16 dg | Sum korttidsfråvær | Fråvær >16 dg |
|----------------|------------|------------|-------------------|--------------------|---------------|
| Administrasjon | 2,56%      | 1,75%      | 0,81              | 2,56               | 0             |

Sektoren har eit korttidsfråvær på 2,56%, dette er ein auke i høve 2021 på 2%. Sektoren har ikkje hatt kangtidsfråvær over 16 dagar i 2022, det er ein reduksjon i høve 2021 på 3,39%

Generelt er det lite fråvær på denne sektoren. Her er få tilsette slik på området samanlikna med dei andre sektorane. Det betyr at ein person utgjer ein stor % endring. Sjukefråværet på sektoren ligg langt under snittet for kommunen og landet samla sett.


## 4. Tenestene

| Aktivitet     | Kommentar                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
|---------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Framsikt      | Vi har gjennom store delar av 2022 arbeidd innføring av det digitale styringsverktøyet Framsikt. I 2022 fekk vi digitalisert budsjett-økonomiplanprosessen. Vi jobbar vidare i 2023 for å få digitalisert alt som går på rapportering til administrativt og politisk nivå i tillegg skal vi innføre verksemdstyring gjennom framsikt. |
| Teams         | Vi har gått over til O365 og innført teams for elektronisk samhandling i heile organisasjonen.                                                                                                                                                                                                                                        |
| Overordna ROS | Vi har gjennom 2022 arbeida med den overordna Ros analysen til kommunen. Denne skal brukast som grunnlag når vi no startar arbeidet med rullering av beredskapsplanen til kommune.                                                                                                                                                    |
| Acos+         | Vi har oppgradert Acos web-sak til sky-løysing                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| Nettsider     | Vi har arbeidd med og publisert nye nettsider i 2022. Dette var viktig å få på plass, spesielt mtp universiell utforming. Vi kjem framover til å jobbe med meir digitalisering og sjølvbetjeningsløyser.                                                                                                                              |

## 5 Kostra


Når vi tar ut kostra-tal justerer vi for utgiftsbehov. Det vil sei at vi korrigerer tala slik at det vert meir rett å samanlikne kommunar, kostragrupper, fylke og land. Korrigerer for at kommunar har ulike utfordringar og ulik befolkningsamansetjing. Kommunar med ein høg andel eldre vil motta meir midlar til eldreomsorg enn ein kommune med yngre befolkning osv. Utgangspunktet er at snittet for Norge er 100% eller 1. Dersom vi har eit utgiftsnivå på 128 på eit område betyr det at vi er 28% dyrare å drive enn snittet av kommunane i Norge. Har vi ein indekss på 90 er vi 10% billigare.

### Utgiftsbehov og kriteriedata



|                                                     | Fjaler  | Kostragruppe 05 |
|-----------------------------------------------------|---------|-----------------|
| Indeks innb. 0-1 år (2%)                            | 85,5 %  | 82,2 %          |
| Indeks innb. 2-5 år (5%)                            | 89,8 %  | 89,1 %          |
| Indeks innb. 6-15 år (11%)                          | 106,5 % | 94,4 %          |
| Indeks innb. 16-22 år (8%)                          | 157,3 % | 102,0 %         |
| Indeks innb. 23-66 år (53%)                         | 82,3 %  | 92,7 %          |
| Indeks innb. 67-79 år (9%)                          | 131,0 % | 130,6 %         |
| Indeks innb. 80-89 år (3%)                          | 148,3 % | 141,6 %         |
| Indeks innb. over 89 år (1%)                        | 105,0 % | 156,4 %         |
| Indeks basiskriteriet (8%)                          | 623,8 % | 483,5 %         |
| Utgiftsbehov - Adm, styring og fellesutgifter (sum) | 139,7 % | 128,6 %         |

## Prioritet - Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)




|                 | 2019  | 2020  | 2021  | 2022  |
|-----------------|-------|-------|-------|-------|
| Fjaler          | 5 320 | 4 963 | 5 083 | 5 459 |
| Kostragruppe 05 | 7 876 | 5 477 | 5 509 | 5 390 |

\*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

\*\*) Graf er justert med utgiftsbehov

Fjaler kommune sine administrasjonsutgifter ligg over kostragruppa og har auka frå 2021-2022. Hovudgrunnen til auken er endringa som vart gjort på HR- området der vi outsourca lønsfunksjonen til Sunnfjord kommune og tilsette HR konsulent lokalt i Fjaler. Denne endringa medfører at vi blir mindre sårbare, at kvaliteten aukar og at einingane får meir bistand frå støtte-stab på løns- og refusjonsområdet.

## Prioritet - Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)




|                 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|------|------|------|------|
| Fjaler          | 265  | 360  | 375  | 347  |
| Kostragruppe 05 | 364  | 255  | 267  | 243  |

\*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

\*\*) Graf er justert med utgiftsbehov

Under kontroll og revisjon ligg utgifter knytt til finansielle- og forvaltningsrevisjonar og utgifter knytt til sekretariatsfunksjon og drift av kontrollutvalet. Fjaler kommune ligg over snittet i kostragruppa og har gjort det over tid. Vi kjøper tenester av Vestland revisjon og sekretariatsfunksjon av Sekom. Dette interkommunale samarbeid. Kvifor vi ligg høgt på desse postane kan vere fordelingsnøklar knytt til den økonomiske fordelinga i samarbeida, antal forvaltningsrevisjonar vi tingar, antal møter og politikarar i utvalet. Det er vanskeleg å ta ned kostnader når det er knytt til interkommunale samarbeid då det krev involvering og vedtak av alle samarbeidskommunane.

### Prioritet - Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)



|                 | 2019  | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|-------|------|------|------|
| Fjaler          | 990   | 736  | 855  | 749  |
| Kostragruppe 05 | 1 238 | 729  | 770  | 746  |


\*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

\*\*) Graf er justert med utgiftsbehov

Som ein ser varierer utgiftene til politisk styring frå år til år og er høgst i dei åra der kommunen avviklar anten stortings- eller kommuneval. Vi ser at dei åra der kommunen ikkje avviklar val ligg vi om lag på nivå med kostragruppa, men litt over. Dei åra det er val aukar skilnaden og vi er dyrare å drive. Målalet over er kostnader pr innbyggjar. Fjaler er ein liten kommune, det vil difor vere færre å fordele desse kostnadane på. Ein måte å få ned kostnadane på nivå med kostragruppa kan vere færre val lokal og reduserte opningstider, men det vil mest sannsynleg gå på bekostning av valdeltagelsen. Dei andre utgiftene her knyt seg til lisensar og teknisk utstyr og kan ikkje reduserast.

## Landbruk


### Utgiftsbehov og kriteriedata



|                                  | Fjaler  | Kostragruppe 05 |
|----------------------------------|---------|-----------------|
| Indeks landbrukskriteriet (100%) | 484,8 % | 378,8 %         |
| Utgiftsbehov - Landbruk (sum)    | 484,8 % | 378,8 %         |

Fjaler kommune har eit utgiftsbehov som er høgare enn kostragruppa på Landbruk. Det vil sei at det er meir landbruksbasert næring i Fjaler enn snitte for gruppa. I den grafiske oppstillinga under ser ein at trass i at vi justerer for at vi har eit større utgiftsbehov driv vi dyrare.

## Prioritet - Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)



|                 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|------|------|------|------|
| Fjaler          | 156  | 132  | 127  | 141  |
| Kostragruppe 05 | 166  | 121  | 119  | 134  |

\*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

\*\*) Graf er justert med utgiftsbehov

## 6 Andre nøkkeltal

### Jordbruksareal i drift

|                 | 2019   | 2020    | 2021    | 2022    |
|-----------------|--------|---------|---------|---------|
| Fjaler          | 17 440 | 17 575  | 17 560  | 17 144  |
| Kostragruppe 05 |        | 643 060 | 643 159 | 638 651 |

### Jordbruksbedrifter

|                 | 2019 | 2020  | 2021  | 2022  |
|-----------------|------|-------|-------|-------|
| Fjaler          | 104  | 105   | 109   | 107   |
| Kostragruppe 05 |      | 3 010 | 3 008 | 2 957 |

### Jordbruksareal i drift

|                 | 2019   | 2020    | 2021    | 2022    |
|-----------------|--------|---------|---------|---------|
| Fjaler          | 17 440 | 17 575  | 17 560  | 17 144  |
| Kostragruppe 05 |        | 643 060 | 643 159 | 638 651 |

### Produktivt skogareal

|                 | 2019    | 2020      | 2021      | 2022      |
|-----------------|---------|-----------|-----------|-----------|
| Fjaler          | 127 464 | 127 440   | 122 588   | 123 200   |
| Kostragruppe 05 |         | 6 054 198 | 6 048 476 | 6 058 300 |

## 7 Utfordringar framover

Framover vil utfordringane for heile organisasjonen vere å rekruttere og behalde nok og rett kompetanse. Tenestebehovet framover vil auke, men vi vil ikkje ha tilgang til tilstrekkeleg kompetanse dersom vi ikkje organiserer tenestene på andre måtar. I tillegg har vi ein krevjande økonomi vi må ta omsyn til. Det er no starta eit omstillings-/ innsparingsarbeid i alle sektorar som skal sjå på korleis vi kan optimalisere drifta og redusere kostnader sånn at vi får ein berekraftig økonomi og at vi i framtida kan skape eit økonomisk handlingsrom. Vi håpar dette arbeidet vil vere klart til vi skal starte på økonomiplanarbeidet for 2024-2027.

## 5.5 Kultur og samfunnsutvikling

### 1 Om Sektoren

2022 var fyrste året som ny eining - eininga kultur og samfunnsutvikling. Denne består av Fjaler folkebibliotek, Frivilligsentralen med BUA og volontørar, folkehelsekoordinator og kulturkontoret. Det er til saman fire 100% stillingar knytt til eininga.

Folkehelsekoordinator skal likevel jobbe på tvers av alle sektorane.

### 2 Økonomi

|           | 2021  | 2022  |
|-----------|-------|-------|
| Rekneskap | 4 383 | 2 463 |
| Budsjett  | 4 477 | 2 363 |
| Avvik     | -87   | 100   |

Eininga hadde i 2022 eit meirforbruk på ca 100 000. Dette er fordelt på mange tenester og har ikkje ei enkel forklaring. Noko kunne kanskje ha blitt varsla på siste tertialrapport.

Det har kome innbetalingar frå tidlegare forskotteringar knytt til idrettsanlegga treningsrom Våge og fotballhall Dale. Dette gjev inntrykk av at ein har mindre budsjett enn åra før – men desse beløpa har ikkje påverknad på sluttsum.

Meirforbruk:

- Fjalerhallen – krev meir vedlikehald.
- Bibliotek – må få meir kontroll i sluttfasen av året.
- Samvirket – for høgt budsjettert på inntekter. Fekk ikkje inn dette når huset ikkje var i bruk.

Mindreforbruk:

- Frivilligsentralen – redusert stilling dagleg leiar deler av året.

## 3 Arbeidsgjevar

### 3.1 Årsverk

Folkehelsekoordinator jobba i redusert stilling store deler av 2022.

Det var skifte av dagleg leiar på Frivilligsentralen – avtroppande dagleg leiar trappa ned gjennom året og var nede i 40% stilling før ny dagleg leiar var på plass i 100% frå 15. august.

### 3.2 Sjukefråver

Grunna lita eining så har vi ikkje eigne tal på sjukefråvær, det ligg under administrasjon.

## 4. Tenestene

Sjå eiga årsmelding frå Fjaler frivilligsentral.

Eininga har hatt driftsansvar for følgande bygg:

- Badet (avtale med Kringlebua)
- Gamle skulehuset (avtale med Jakob Sande-selskapet)
- Gamle kommunehuset (andre og tredjehøgda vert leig ut til kunstnarar og kulturaktørar, Studio Nova vert leigd ut til lag/organisasjonar og barnebursdagar i regi av Frivilligsentralen)
- Samvirket (avtale med PreForm må reforhandlast. Bygget ferdig rehabilitert 1. juli 2023)
- Dansesal og skytehall ved Fjalerhallen (avtale med Dale skyttarlag om skytehall. Dansesalen vert lånt ut til kulturskulen, Lavik karateklubb, Dale IL, vaksining, Fjaler serniordans, trening barselgruppe og UWC)
- Fjalerhallen (avtale med driftselskapet Dingemoen)
- Naustet i Badevika (i samarbeid med Badevika vel)
- Dagsturhytta på Bygdeheia (driftsavtale med Fure IL)
- Straumsnes grendahus (avtale med Straumsnes grendelag)
- Guddal grendahus (avtale med Guddal grendelag)

Det har vore diskutert om nokre av desse bygga skal over på teknisk kontor. Dette er noko vi vurderer frå 2024.

Aktuelle planar:

Kulturminneplan for Fjaler 2019-2023

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2022-2026


Viktige tiltak/prosjekt:

- BUA
- Volontørtenesta
- Sommarles
- Digitalt utanforskap
- TiTur Dalsfjorden
- Lokal transportordning for ungdom
- Den kulturelle skulesekken
- Den kulturelle spaserstokken
- Fjaler ungdomsråd
- Fjaler eldreråd
- Møteplass for ungdom

## 5 Kostra

Vi har plukka ut fire felt som vi har henta ut tal på. Bibliotek, idrett og tilskot til idrettsanlegg, kommunale kulturbygg og kultursektoren samla.

Prioritet - Bibliotek brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)




|                 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|------|------|------|------|
| Fjaler          | 347  | 324  | 359  | 348  |
| Kostragruppe 05 | 549  | 512  | 541  | 540  |

\*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Kommentar: På bibliotek ligg ein noko under Kostragruppa i beløp per innbyggjar. Ein gjekk noko ned i kostnader i 2022 sjølv om ein hadde eit lite overforbruk i forhold til budsjett.

## 2. Prioritet - Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)




|        | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|--------|------|------|------|------|
| Fjaler | 201  | 193  | 184  | 93   |

|                 |     |     |     |     |
|-----------------|-----|-----|-----|-----|
| Kostragruppe 05 | 215 | 278 | 252 | 289 |
|-----------------|-----|-----|-----|-----|

*\*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).*

Kommentar: Vår vurdering er at ein ligg relativt lågt på drift og tilskot til anlegg. Det at ein ligg veldig lågt i 2022 handlar om at ein fekk att forskotterte midlar på idrettsanlegg. Frå 2024 vert det kanskje ei endring då det mest sannsynleg vil verte ei rein kommunal drift på anlegget.

### Prioritet – Komm. kulturbygg nettodriftsutgift pr innb (kr)




|                 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-----------------|------|------|------|------|
| Fjaler          | 51   | 55   | 60   | 61   |
| Kostragruppe 05 | 193  | 403  | 433  | 452  |

*\*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).*

*Kommentar: Ein ligg veldig lågt på dette fordi ein berre har ført Samvirket på denne tenesta. Frå 2023 ligg Straumsnes grendehus, Guddal grendehus og husa på Tusenårsstaden på denne tenesta i tillegg til ei auke når Samvirket kjem i drift.*

## Prioritet - Kultursektoren, kommune korrigerte brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)



|                 | 2019  | 2020  | 2021  | 2022  |
|-----------------|-------|-------|-------|-------|
| Fjaler          | 2,1 % | 2,1 % | 2,4 % | 2,1 % |
| Kostragruppe 05 | 2,7 % | 3,1 % | 3,4 % | 3,3 % |

Kommentar: Fjaler er ein kulturkommune, men bruker relativt små midlar per innbyggjar samanlikna med kostragruppa. Talet for 2022 er nok kunstig lågt då det kom inn midlar Fjaler kommune tidlegare hadde forskottert til idrettsanlegg.

## 6 Andre nøkkeltal

Norsk kulturindeks er ei årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitet i norske kommunar, regionar og fylke. Fjaler hadde i 2021 ei rangering på som nummer 30 av alle kommunar i landet (49 i 2020, 41 i 2019, 31 i 2018)

## 7 Utfordringar framover

Fleire av våre tenester er ikkje lovpålagte. Vi meiner likevel at mykje av det vi driv med aukar attraktiviteten til kommunen. Det gjeld både satsinga vår på ungdom i Samvirket, BUA og fleire andre tiltak.

Det vert ofte vist til at kommunen må basere seg på frivillige tenester. Vår erfaring er at frivilligheita kan bløme dersom den vert behandla på riktig måte. Frivilligheit lever av lyst og dør under tvang. Vi vil bruke starten på 2023 for å få i gang ein frivilligpolitisk handlingsplan som allereie er vedteken oppstart på i kommunestyret.

